

Innholdsliste:

Introduksjon.....	side4
1. Røtene til FARC: geografi, historie og ideologi.....	side8
1.1 FARC rundt 1960.....	side14
2. Dei Ideologiske røtene til FARC og Det kolombianske kommunistpartiet (PCC).....	side17
2.1 Det fyrste kolombianske kommunistpartiet.....	side17
2.2 Partido Socialista Revolucionario.....	side19
2.3 Partido Comunista Colombiano.....	side23
3. Den tidlege ideologiske utviklinga til FARC.....	side29
3.1 FARC 1964- 1978.....	side33
3.2 FARC 1978-1990.....	side35
3.3 Unión Patriótica (1984-1987).....	side41
4. Blovivarismen og FARC.....	side46
4.1 Simón Bolívar og tidleg bolivarianisme.....	side47
4.2 Bolívar og problem i venstresida.....	side49
4.3 Bolivarianismen i FARC.....	side51
4.4 Pablo Catatumbo og Bolívar.....	side53
4.5 Jesús Santrich og Bolívar.....	side56
5 .Den nyare ideologiske utviklinga til FARC og Fuerza Alternativa del Común (FARC), fred og demokrati.....	side 58
6. Konklusjon.....	side63

Liste over forkortingar med oversetting frå spansk til norsk:

ELN- Ejercito de Liberacion Nacional- Den nasjonale frigjeringshæren

EPL- Ejercito Popular de Liberación- Den populære frigjeringshæren

FARC- Fuerzas Armadas Revolucionarias de Colombia- Dei væpna revolusjonære styrkane av Colombia

FARC (Politisk parti)- Fuerza Alternativa del Común- Den alternative styrka/krafta av fellesskapet

M-19- Movimiento 19 de abril- Rørsla av 19 april

PC- Partido Comunista de Colombia- Det kolombianske kommunistpartiet

PC3- Partido Comunista Clandestino Colombiano -Det Hemmelege kolombianske kommunistiske partiet

PSR- Partido Socialista Revolucionario- Det Revolusjonære sosialistpartiet

UFC- United Fruit Company

UP- Unión Patriótica- Den Patriotiske Union

Takk til:

John Kwadwo Osei-Tutu for all den gode hjelpa han har gitt meg som rettleiar igjennom skrivinga av masteroppgåven. Vidare vill eg takke alle professorane som eg har hatt gjennom utvekslinga mi i Medellín, Colombia på Universidad Nacional de Colombia som gav meg eit godt innblikk i kolombiansk kultur og historie. Spesielt vill eg takke Forrest Hylton som gav meg mange gode idear til oppgåva og for kunnskapen han gav meg om kolombiansk historie. Vidare vill eg takke mange av klassekameratane som eg fekk i Medellín som også gav meg mange gode idear til oppgåva og viste meg til god litteratur om FARC og Colombia. Til slutt vill eg takke alle mine gode vennar som eg har fått i Colombia. Spesielt vill eg takke Santiago, som hjelpte meg å finne ein stad å bu i Colombia og for sitt gode vennskap og Santiago for sitt gode vennskap og som gav meg mykje motivasjon til å fullføre oppgåva, utan dykk kunne mitt opphald i Colombia ha blitt ein keisam affære.

Henrik Igesund Høgset

Medellín, Colombia 15.05.2019

Den ideologiske utviklinga til FARC
frå Det kolombianske kommunistpartiet
til Idag

Problemstilling: *Kva var den ideologiske utviklinga til FARC, frå kommunistpartiet på 1920-talet til deltakinga i det kolombianske demokratiet idag?*

Introduksjon

Revolusjonære geriljagrupper var ikkje eit ukjent fenomen i Latin-Amerika og den kubanske revolusjon var ofte ein stor faktor for at det på 1960-og 70 talet oppstod fleire slike revolusjonære rørsler. Dette var alt frå geriljarørsla til den argentinske Che Guevara i Bolivia, til Sandinistane i Nicaragua og ERP¹ i Argentina. Desse rørslene hadde ofte sitt ideologiske grunnlag i marxismen, helst retningar som Leninismen, Maoismen og Trotskismen. Rørslene var også ofte starta av eller sterkt inspirert av frigjeringssteologien som oppstod blant radikale kristne i Latin-Amerika som igjen var inspirert av marxismen.

Eit av landa i Latin-Amerika som har blitt prega mest av revolusjonære geriljarørsler sidan 1950-talet er Colombia. Den største og lengst levande av desse rørslene som blei født i kjølevatnet av borgarkrigen på 1940 og 50-talet i Colombia var den marxistisk-leninistiske FARC-geriljaen. FARC, ein forkorting av «Fuerzas Armadas Revolucionarias de Colombia»² la endeleg og formelt ned våpna i 2016. Samstundes må ein ikkje gløyme at det eksisterte i kortare periodar andre geriljarørsler i Colombia, slik som ELN og EPL med fleire. ELN er den einaste gruppa som framleis er aktiv, som frå 1 oktober 2017 til 12 januar i 2018 er i ein våpenkvile. Etter våpenkvilen er no ELN den einaste geriljagruppa som framleis er aktiv. Men denne oppgåva skal handle om FARC-geriljaen og den sin ideologiske utvikling.

Det har blitt produsert masse om FARC opp igjennom åra, kvifor skal eg skrive om FARC? Etter å ha

1 Ejercito Revolucionario del Pueblo, oversatt til: «den revolusjonære folkehæren»

2 Dei væpna revolusjonære styrkane av Colombia

undersøkt mykje av litteraturen ser det ut som at akkurat det eg skal skrive om, den ideologiske utviklinga til FARC, frå kommunistpartiet på 1920-talet og fram til idag er relativt lite studert. Professor Forrest Hylton skriv at Colombia eit er av dei minst forståtte og studerte landa i Latin-Amerika³ og i Colombia er den ideologiske utviklinga til FARC lite studert, spesielt den ideologiske utviklinga av gruppa som tok føre seg på 1980 og 1990-talet. I dei artiklane og bøkene som delvis tek føre seg den ideologiske utviklinga til FARC, som James Brittain⁴ og Mario Peña⁵, tek ein ikkje føre seg den tidlege ideologiske utviklinga til kommunistpartiet som er viktig for å forstå FARC og deira sin ideologi. Litteraturen tek heller ikkje føre seg i nokon stor gra inkorporeringa av «bolivarianismen» på 1980 og 1990-talet. Oppgåva prøvar dermed å hjelpe til å auke kunnskapen om FARC sin ideologiske utvikling på ein heilskapleg måte.

Kva metodar har eg brukt i arbeidet mitt? Når eg starta å leite etter kjelder til arbeidet mitt så ville eg prøve å få mykje av informasjonen frå ex-geriljasoldatar, vanlege soldatar og soldatar frå mellomledet i hierarkiet, med publikasjonar frå FARC i den relevante epoken og sekundærlitteratur som supplement. Det var vanskelegare å finne ex-geriljasoldatar å intervju enn forventet, men til slutt fekk eg eit intervju med nokre ex-geriljasoldatar, hovudsakleg Olvedo Ruiz, andrekommandant for den 36 Fronten som blei med i FARC i 1981. Dette var hovudsakleg eit meir uformelt og ustrukturert intervju, men det var eit fruktbart intervju. Eg prøvde i løpet av to semester å organisere eit nytt intervju med Ruiz og dei andre ex-geriljasoldatane som var til stades, men det var svært vanskeleg å kome i kontakt med desse. Professoren som hjelpte til med å organisere intervjuet Juan Guillermo Gómez, som er medlem av det nye politiske partiet FARC var umogleg å kome i kontakt med. Dei andre professorane på universitetet klarte heller ikkje å hjelpe meg. På grunn av dette måtte eg forandre metoden min undervegs og til slutt er mesteparten av kjeldene henta frå publikasjonar av FARC det meste henta frå dei offisielle nettsidene deira. Uheldigvis fungerer ikkje lengre dei gamle nettstadane til geriljagruppa FARC av ukjente årsaker.

Ikkje alle kjeldene som eg har brukt handlar spesifikt om ideologien til FARC, men eg har også brukt artiklar som meir indirekte omhandlar ideologien deira, òg eg har lagt vekt på om eg såg forandringar i

3 Forrest, Hylton: 25

4 I boka "Revolutionary Social Change In Colombia, The Origin and Direction of FARC-EP", 2010

5 I boka " Guerrillera y Población civil, Trayectoria de las FARC 1949-2013»

retorikken og politikken til gruppa i dei relevante periodane. Slik var det mogleg å finne spor etter den ideologiske forandringa til gruppa. Det oppstår også eit problem med å finne kjelder frå kommunistpartiet, spesielt frå perioden 1940-50 grunna illegaliteten til partiet. Same problemet finn ein også med FARC, mange av kjeldene har gått tapt enten av at dei har blitt mista eller skada i jungelen, eller konfiskert av den kolombianske hæren eller politiet.

Kva meiner eg med ideologien til FARC? Det som meinast med det er tankesettet til gruppa, kva for marxistar var dei eigentleg og korleis utvikla marxismen deira? Med politikken meiner eg korleis FARC har organisert områda som var under deira kontroll. For eksempel, var desse områda svært sentraliserte, desentraliserte, gav dei skule-og helsetenester til folket som var under deira kontroll og korleis var forholdet deira til bøndene og arbeidarane? Under politikken inkluderer eg også det eg skal kalle «revolusjonær praksis», altså korleis ein organiserte kampen (med og utan våpen) for eit sosialistisk samfunn. Med andre ord, var det ein klar samanheng mellom ideologi og praksis?

Det er viktig å kome med nokre tankar rundt kjeldene som eg skal bruke i oppgåva. Kjeldene som eg har brukt er for det meste publikasjonar av FARC, men reflekterer desse verkeleg ideologien til FARC? Kan det hende at eg ikkje har inkludert kjelder som nyanserer eller gir eit betre bilete av ideologien deira? Mykje av desse publikasjonane er også propaganda og det er ikkje umogleg å tenkje seg at FARC eller medlemmar av FARC kan ha framstilt gruppa på ein måte som dei sjølv ønskjer eller unnlet å skrive om ting som ein helst vill gløyme. Dette er ein av grunnane til at eg brukte ein muntleg kjelde, men dette er heller ikkje heilt uproblematisk. For muntlege kjelder kan vere upålitelege å bruke, informanten kan ha gløymt detaljar, han kan velje bevisst eller ubevisst å utelate viktig informasjon eller minna kan ha blitt forma av ettertida.

Den store majoriteten av kjeldene som eg har brukt er på originalspråket, alle oversettingar er mine egne. Dette kan også vere ein feilkjelde, spansk er ikkje morsmålet mitt og det kan finnast feil i oversettingane mine. Når dette er sagt har eg under arbeidet med oppgåva budd i Colombia i totalt 3 semester og eg var kompetent i spansk før eg starta utvekslinga mi på Universidad Nacional de Colombia i Medellín og spansken min er idag nesten flytande.

Oppgåva startar med ein generell introduksjon til Colombia og FARC i del 1. I den andre delen av oppgåva skal eg ta føre meg dei ideologiske røtene til FARC og det kolombianske kommunistpartiet. I den tredje delen av oppgåva tek eg føre meg den ideologiske utviklinga til FARC. Den fjerde delen handlar bolivarianismen og eg gir den relativt stor plass grunna mangelen på god forskning innanfor dette emnet. Kapittel fem tek føre seg den nyare ideologiske utviklinga til det nye politiske partiet til gruppa og tilslutt kjem ein konklusjon. Oppgåva er strukturert på ein kronologisk måte, men somme av delane «flyt» kronologisk sett inn i kvarandre.

1. Røtene til FARC: Geografi, historie og ideologi.

For å forstå kvar FARC kjem frå, er det essensielt å kjenne til perioden i kolombiansk historie som blir kalla «La Violencia»⁶(1946-1957). For å igjen forstå La Violencia må ein kjenne til den tidlegare politiske og økonomiske historia til Colombia.

Kva er det som karakteriserer Colombia i tida rett før og etter opprettinga av FARC? Først og fremst er Colombia eit svært rikt land i både naturressursar og biomangfald, og då spesielt olje og gass.⁷ Til gjengjeld har landet store geografiske hinder -dei tre store fjellrekkene som stammar frå Andesfjella (sjå figur 2), store regnskogar og dei store platåa, har bidratt til ein generelt saktare nasjonal økonomisk vekst, og det har fram til 1970 og 80 talet ført til at store regionar i landet var relativt isolerte frå kvarandre, noko som har bidratt til ein ujamn geografisk utvikling der dei rurale områda er kjenneteikna med ein større grad av fattigdom i motsetning til byane.⁸ Som eit resultat av geografien har den økonomiske veksten hovudsakleg gått føre seg i og rundt fire store byane Bogotá, Medellín, Cali og Barranquilla og da spesielt Bogotá, hovudstaden (sjå figur 1 og 3). Når dette er sagt finnast det også fattigdom i byane, for eksempel i gatene i Medellín er der mange fattige som arbeidar i den uformelle delen av økonomien, desse er som oftast gateseljarar som sel frukter, grønnsaker, tobakk, alkohol etc.

Med andre ord, den kolombianske geografien legger svært godt til rette for geriljakrigføring. Dette er noko ein sjølv legg merke til om ein besøker landet. Etter at ein har kome seg over den tropiske varmen som for eksempel rundt Medellín ligg rundt 25-30 grader på dagtid med ein relativt høg fuktighet. Ein blir møtt med det som ser ut som utelege fjell og dalar med tjukke grønne skogar rundt. Når ein fyrst ser det kolombianske landskapet sjølv, forstår ein betre kvifor Colombia har blitt prega av geriljakrigføring sidan 1940-talet og til idag.


6 La Violencia tyder «valden»

7 Bull, Benedicte: 68,69 og 87

8 Gallup, John Luke et al, Verdsbanken: 90-92 og figur 2.4 side 98



(Figur1. Kart over sentrale byar i Colombia frå Wikipedia Commons)⁹



(Figur 2. Topografisk kart over Colombia frå Wikipedia Commons)¹⁰

9 [https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Colombia_-_Location_Map_\(2013\)_-_COL_-_UNOCHA.svg](https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Colombia_-_Location_Map_(2013)_-_COL_-_UNOCHA.svg)

10 https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Colombia_Topography.png



Base 803337AI (R00820) 1-08

(Figur. 3Kart av Colombia etter regionar, frå Wikipedia Commons)¹¹

11 https://commons.wikimedia.org/wiki/Category:Maps_of_subdivisions_of_Colombia#/media/File:Colombia_Administrat

Det som kom til å bli staten Colombia har, som mange andre latinamerikanske land, sidan sjølvstendet frå Spania i 1810, vore dominert av to politiske og ideologiske fraksjonar innan dei øvre sosiale klassene. Desse to fraksjonane blei etterkvart på midten av 1800-talet grunnlaga for to politiske parti, det Liberale og det Konservative. Det Liberale partiet var generelt sett på 1800-talet støtta av jordeliten, advokatar og handelsmenn som hadde ein meir sekulær mentalitet og var skeptiske til militæret. Dei konservative hadde vanlegvis ein tilknytning til det gamle aristokratiet og til byråkratiet med ein tiltrekking til sentralisasjon, orden, disiplin og den katolske kyrkja.¹² Dominansen av dei to partia har vore spesielt stor i Colombia, der andre parti har vore marginale heilt fram til midten og slutten av det 20 hundreår.¹³

Post -Bolívar partia kjempa om å få kontroll over ein stat som var økonomisk i ruinar, med nesten ingen infrastruktur, med eit ikkjeeksisterande bankvesen, eksport og internt marknad.¹⁴ Under diktaturet til Simón Bolívar (1828-1830) gjekk økonomien til grunn. Eksporten til Colombia, eller Ny Granada som det blei kalla då, var for det meste gull, men kvantiteten av eksporten var ganske lav. Importen var også relativt lav, men auka utover hundreåret på grunn av lågare prisar på tekstilar, lav import betydde også lave skatteinntekter sidan majoriteten av skattane kom nettopp frå importerte varer.¹⁵ Dei fleste i Colombia livnærte seg derfor av jorda og var relativt sjølvforsynte og dreiv med småhandel i landsbyane om ein hadde litt til overs. Der var oppgjennom 1800-talet eit par bølger med eksportboom i landet, fyrst med kakao og tobakk på 1840-talet og seinare med indigo¹⁶, men desse som, Nieto Artera presisera i sitt kjende essay frå 1948, var ikkje varige og var mindre viktig økonomisk sett i det lange løpet. Det produktet som kom til å forandre og foreine landet økonomisk etter 1860 var kaffi. Kaffien hjelpte landet på lang veg å forbetre infrastrukturen, kommunikasjon mellom regionane, den interne marknaden i landet, gi til ein viss grad økonomisk stabilitet og skape ein faktisk eksisterande nasjonal økonomi. Dette var på grunn av at kaffien kunne og blei dyrka i praktisk tala alle regionane i landet, men mest i Antioquia, Valle del Cauca og Cundinamarca, sjå figur 3.¹⁷ Arteta legg sannsynlegvis for mykje vekt på den forandrande krafta til kaffi og han antropologiserar den til eit visst punkt, produkt og

[ive_Divisions.jpg](#)

12 Hylton, Forrest: 40

13 Leech, Gary: 5

14 Hylton, Forrest: 37-38

15 Bushnell, David: 76-77

16 Bushnell, David: 76

17 Arteta, Nieto: 23

varer forandrar ikkje historia, men menneske gjer det. Arteta var skråsikker på at kaffien hadde forandra Colombia for godt og påstod at kaffien også hadde gitt politisk stabilitet. Arteta tok grundig feil, eit par månadar etterpå braut det ut ein lang og blodig borgarkrig i landet som blei kjent som «La Violencia».

På grunn av dei geografiske barrierane i Colombia og mangelen på infrastruktur i denne perioden hadde dei vanlege kolombianarane, spesielt på landsbygda, meir lojalitet til eit av dei to partia og ikkje til Colombia som nasjon. Altså, landet var ikkje foreint, når ein såg ein annan landsmann var det mest relevante kva parti ein haldt med og kva region ein kom frå i landet. Ein blei med andre ord definert ut frå det politiske standpunktet sitt. På toppen av dette var forholdet mellom partiet og bonden eit slags patron-klientforhold og lojaliteten til eit av partia gjekk ofte i arv.¹⁸ Noko av det same eksisterer fortsatt idag, eg har av venner og kjente blitt fortalt at Colombia er kun foreint når det kolombianske fotballaget spelar. Sjølv om at dette er sett på spissen er der ein viss sannheit i det og idag har ein muligvis meir lojalitet til den regionen som ein kjem frå enn Colombia som nasjon.

Charles Berquist gir også ekspansjonen av kaffi i Colombia ei relativt stor rolle, men på ein annan måte enn Arteta. Berquist fokuserer meir på kaffiarbeidaren og konsekvensane av den relativt spesielle produksjonsmetoden som oppstod i kaffisektoren. Eit relativt høgt tal av kaffikultivasjonen i Colombia var organisert rundt familien. Dette kom, ifølgje Bergquist, til å setje sitt preg på Colombia og La Violencia. Desse familiane kontrollerte for det meste sine egne produksjonsmiddel, men dei kontrollerte ikkje sirkulasjonsprosessen og realiseringa av verdien av produkta deira, dette resulterte i at dei var høgt kontrollerte av landeigarane (om dei ikkje eigde jorda) og/eller den kommersielle klassa. Igjen førte dette med seg at kaffiarbeidarane var høgt utnyttat og levde under svært prekære forhold.¹⁹ Ved fyrste glans kan desse kaffiarbeidarane sjå ut som fabelaktige bastionar for sosialistiske rørsler, men desse blei fort vunne av dei to dominerande partia og i regionar som Antioquia spesielt av det konservative partiet. På grunn av organiseringa av arbeidet i familieeineheitar var desse mykje meir inklinerte til å motta den konservative ideologien som nettopp idealiserte den staute familiefaren som eigde sin eigen jord og arbeidde den saman med ein stor familie, og sjølv sagt der alle var gudfryktige. Dette blei idealiseringa av ein typisk kolombiansk bonde, ofte kvitare i huda enn dei fleste

18 Forrest, Hylton: 39

19 Berquist, Charles: 331-332

kolombianarar som for det meste er mestizo²⁰, denne idealiseringa kan ein for eksempel sjå i den kolombianske kaffikjeda «Juan Valdez». Med andre ord, desse allierte seg med eit av dei to partia og ikkje med sosialistiske partia eller seinare FARC, desse var dessutan ikkje interesserte i dei konservative kaffidyrkarane sidan dei sosialistiske partia generelt sett konsentrerte seg om det «ekte» proletariatet og fattige bønder. Dette forklarar delvis kvifor borgarkrigen var så lang i Colombia og kvifor ingen av partane klarte å vinne.²¹

I perioden frå 1930 til 1946 dominerte det Liberale partiet, ein periode som har blitt kalla «Den Liberale Republikken». Det Liberale partiet vann alle val i denne perioden. Etter tradisjonen i Colombia, dominerte dei også mesteparten av dei administrative stillingane på det nasjonale, regional samt også delvis det lokale nivået.²² Den «Liberale Republikken» enda i 1946 då det konservative partiet vann valet i dette året. Mange liberale ville ikkje godta nederlaget, noko som dei konservative heller ikkje gjore når dei liberale tok makta i 1930. Det var delvis dette som førte til den blodige borgarkrigen i Colombia, men den utløysande faktoren var drapet på den eine Liberale kandidaten til presidentvalet, José Elicér Gaitán i 1948. Gaitán hørte til den radikale delen av det Liberale partiet som ofte var sosialistisk og Gaitán var sjølv sosialist, men hadde ingen revolusjonære ønskjer.²³

Den store økonomiske veksten på 1950-talet gjorde relativt lite for å rette på dei store økonomiske forskjellane²⁴, noko som kan seiast å vere relativt sant heilt fram til slutten på 1900-talet. Tross dette klarte man å minske delar av dei sosiale ulikskapane, meir spesifikt innanfor utdanning. I 1960 eigde 1.7 prosent av landeigarane 55 prosent av den dyrkbare jorda, imens 62.5 prosent av landeigarane eigde mindre enn 1 prosent av den dyrkbare jorda²⁵, noko som har vore eit generelt trekk med mange land i Latin-Amerika. Det er dette PCC referer seg til når ein snakkar om «agrarproblemet» i Colombia. Dette var ein av grunnane til at ein innførte ei jordreform i 1961 som skulle redistribuere jorda, men i 1970 hadde kun 1 prosent av den jorda som skulle redistribuerast blitt redistribuert og mesteparten av dette var statleg eigd land. Jordreforma hadde delvis ein motsett effekt, for dei store landeigarane hadde

20 Ein person som har både spanske røter og røter frå dei innfødde I Latin-Amerika

21 Forrest, Hylton personleg kommunikasjon mars 2019

22 Bushnell, David: 181

23 Forrest, Hylton: 66 og 69

24 Bushnell, David: 210

25 Leech, Gary: 18-19

brukt denne reforma til å tileigne seg endå meir land. Dette var med på å presse mange bønder inn til byane for å proletarisere seg av nødvendighet. Problemet var at det var allereie lite arbeid å finne i byane, noko som blei forverra av ein økonomisk nedgangsperiode.²⁶ I 1970 mottok den fattigaste halvdelen av den urbane arbeidarklassa nesten 16 prosent av den totale urbane inntekta og på landsbygda var forskjellane verre. To tredjedelar av den rurale befolkninga levde i absolutt fattigdom²⁷ Samstundes var den politiske situasjonen i landet frå 1957 til 1982 «stengt» sidan det Konservative og Liberale partiet gjekk med på å dele på den politiske makta for å unngå eit nytt blodbad. Demokratiet eksisterte i namnet, men var praktisk tala stengt for alle som ikkje var ein del av det Liberale og Konservative partia. Dei populære ønska, spesielt frå bøndene, blei regelrett ekskludert.²⁸ Mange av dei fattige i dei urbane strøka var dermed gjenstand for mobilisering til kamp mot det som mange såg på som sosial urettferd, skeiv fordeling av landets godar og eit demokrati som bare eksisterte i namnet. Denne mobiliseringa til kampen for rettferdigheit blei leia av ulike geriljarørslar i forskjellige delar av landet. Desse rørsleane var inspirerte og drevet av forskjellige sosialistiske idear og revolusjonære tilnærmingar. For eksempel den kubansk inspirerte ELN som følgde Che Guevara sin «foco-teori», maoistiske EPL og den marxist-leninistiske FARC.

1.1 FARC rundt 1960

FARC var ein colombiansk marxist-leninistisk geriljagruppe som blei offisielt stifta i 1966, men som sjølv set dagen 27 mai i 1964 som starten på gruppa. Denne dagen initierte det colombianske militæret, med hjelp av det amerikanske militæret, «Operasjon Marquetalia», oppkalla etter målet for operasjonen, landsbyen Marquetalia. Dette var eit forsøk på å fjerne ei gruppe på 46 bønder som hadde forma ei geriljagruppe for å forsvare seg mot åtak under «La violencia»(ca 1948-58)²⁹, ein spesielt blodig periode i Colombia sin historie.³⁰ Inkludert i denne gruppa var Manuel Marulanda Vélez³¹, som var medlem av det colombianske kommunistpartiet (PCC, Partido Comunista de Colombia) og var svært aktiv under «La violencia» i å organisere slike sjølvforsvarsgrupper i Tolima -regionen. Marulanda kom seinare til å bli ein av hovudleiarane i FARC

26 Leech, Gary: 18-19

27 Bushnell, David: 241

28 Forrest, Hylton: 83

29 Bushnell, David: 201

30 Leech, Gary: 11

31 Dette er hans «nom de guerre». Hans eigentlege namn er Pedro Antonio Marín. Alle FARC- geriljarsoldatar har eit slikt «nom de guerre» for å skjule sin identitet og verne om familie og vener.

saman med Jacobo Arenas, som også var med i geriljagrappa i Marquetalia og medlem av PCC.³² Marulanda var den meir praktiske og karismatiske av dei, imens Arenas var den intellektuelle marxistiske ideologen. Det colombianske militæret angreip denne grappa med geriljasoldatar med 1600 troppar med støtte frå amerikanske B-26 bombefly. Alle dei 48 i geriljagrappa overlende og klarte å rømme vekk frå den kolombianske hæren.³³

Etter dette mislukka åtaket på det som kom til å bli FARC, organiserte likesinna geriljagrupper ein geriljakonferanse i juli 1965. Her blei desse geriljagruppene einige i om fleire punkt. Først, å gå saman og forme det som kom til å bli kjent som «Bloque Sur», den sørlege blokka. Deretter blei dei einige i å bli ei mobil gruppe og å ta med seg familiane sine for å ta i bruk ubrukt jord. Her blei dei også einige i å ekspandere operasjonsområda sine og å verne dei nykoloniserte bøndene i desse områda mot den kolombianske hæren og store landeigarar som var interesserte i å ta over jorda som desse bøndene hadde tileigna seg.³⁴ Her presenterte også grappa sin egen jordbruksprogram. Blant anna erklærte man at dei som arbeidde på jorda skulle eige den og få den gratis, konfiskering av jord «*okkupert av imperialistiske nordamerikanske selskap*», fordeling av jorda etter fertilitet, opprettinga av eit kredittsystem som skulle hjelpe fattige bønder å skaffe seg verktøy og frø, samt teknisk hjelp med meir.³⁵

FARC blei endeleg offisielt grunnlagt ved den andre geriljakonferansen i 1966. Det var på denne konferansen at ein sette seg som eit mål å «...*ta makta saman med arbeidarklassa og arbeidande folk...*» og at «... *Det blei slått fast at taktikken med mobil geriljakrigføring var tilfredsstillande og legitim, men at det var nødvendig å ekspandere aktiviteten til nye område av landet*».³⁶ Det er her dei gamle geriljagruppene blir forma som ein meir koherent og delvis meir profesjonell geriljagruppe med eit større formål, nemleg å til slutt ta makta i landet. Forminga som ein meir profesjonell geriljagruppe reflekterast av forminga av ein klar militær struktur og hierarki organisert etter leninistiske prinsipp. Øverst er eit sekretariat som totalt inneheld sju medlemmar inkludert Marulanda og Arenas som no var dei øvste leiarane av grappa. Etter sekretariatet har vi den Sentrale høgkommandoen som bestod av

32 Leech, Gary: 14

33 Leech, Gary: 14

34 Leech, Gary: 15

35 FARC-EP, 1964(revidert 1993): 3

36 FARC-EP, FAR-EP, *Historical Outline*: 22

omtrent 30 geriljasoldatar. Under dette har vi dei sju «blokkene», slik som «Bloque Sur». Desse dekte fleire områder av landet. Innan desse blokkane var der «frontar», «kolonnar», «troppar» og «skvadronar».³⁷ Her ser ein også at skoleringa av medlemmane av FARC blir no verkeleg tatt seriøst etter observasjonar av udisiplin i gruppa.³⁸

37 Leech, Gary: 17

38 Leech, Gary: 15-16

2. Dei Ideologiske røtene til FARC og Det kolombianske kommunistpartiet (PCC)

Vi har no sett kortfatta på etableringa av FARC og den historiske konteksten som den blei født i, det er no på tide å sjå nærmare på det som lenge var den ideologiske rettesnora til FARC, det kolombianske kommunistpartiet (PCC). Det kolombianske kommunistpartiet blei endeleg stifta i 1930, men igjen er det viktig å ta eit steg tilbake for å verkeleg forstå PCC.

Kvar stammar eigentleg den kolombianske kommunistpartiet frå? Mykje av den antikommunistiske litteraturen om det kolombianske kommunistpartiet påstår at PCC er ein «ekstern gruppe» med utanlandsk ideologi og dermed upatriotisk, altså at PCC var eit sovjetisk instrument.³⁹ Når dette er sagt, er røynda at praktisk tala alle kommunistparti etter 1917 var ein kombinasjon av den nasjonale venstresida og Oktoberrevolusjonen.⁴⁰ Dette er muligvis spesielt sant med det fyrste kommunistpartiet i Colombia.

2.1 Det fyrste kommunistiske partiet i Colombia

Det må fyrst og fremst nemnast at forskinga som er gjort av dei tidlegaste kommunistane i Colombia er mangelfull. James Brittain peikar på at dei aller fyrste kommunistane i Colombia var aktive før den russiske revolusjonen.⁴¹ Forfattarar som Medofilo Medina og Lazar y Victor startar fyrst forteljningane sine om kolombianske kommunistar etter den russiske revolusjonen og nemnar ikkje kommunistiske rørsler før den russiske revolusjonen. Brittain har hatt tilgang til nyare forskning enn Medina og Lazar y Victor og eg sett min lit til Brittain, men Brittain går dessverre ikkje nærmare inn på saken enn å nemne at det eksisterte aktive sjølvutnemnde kommunistar i Colombia muligvis heilt tilbake til 1910-talet.

Det som den eksisterande litteraturen er einige i er at nokre av dei fyrste kommunistane i Colombia bestod for det meste av intellektuelle i hovudstaden og seinare i andre byar rundt om i landet. Det hadde tidlegare eksistert forskjellige sosialistiske grupper og radikale fagforeiningar, men dei fyrste kommunistane kom fram i lyset fyrst på midten av 1920-talet. Her var russaren Silvestre Savitski ein tidleg organisator. Vi veit generelt lite om Savitiski, men vi veit at han var ein del av den raude armé.

39 Brittain, James, 2010: 4

40 Hobsbawm, Eric, 1973: 3

41 Brittain, James, 2010: 4

Han blei sendt til Kina og Japan for å kjøpe kveite til hæren, men av ein eller annan grunn enda han opp i Colombia med kona si. Lazar y Victor spekulerer i at han måtte ha gjort ein «synd» i den raude armé og at dette var ein av grunnane til at han var såpass aktiv i Colombia med å organisere eit kommunistparti i landet slik han kunne bevise at han verkeleg var ein god kommunist og vende tilbake til heimlandet sitt.⁴² Han møtte i 1923 unge intellektuelle i byane, med eit par vanlege arbeidarar, studentar og fagforeningar, og fortalte om den russiske revolusjon og Lenin. Desse gruppene var ifølgje den kommunistiske historikaren Medofilo Medina dei fyrste verkelege marxistiske gruppene i Colombia. Nyare forskning slår tvil om dette, muligvis var delar av leiinga «verkelege» marxistar, men kjennskapen til marxismen i Colombia på 1920-talet var svært dårleg og var for det meste ein vulgær marxisme, spesielt blant vanlege arbeidarar dei fleste hadde ikkje lest Marx eller Engels, men bare introduksjonar til verka deira. Fyrst etter 1925 starta arbeidarrørsla å få betre kunnskap om marxismen.⁴³

Den fyrste mai 1924 stifta ein av desse gruppene med Savitski i spissen som for det meste bestod av handverkarar, intellektuelle og unge radikale, det fyrste kommunistpartiet i Colombia. Seinare stemte partiet for at dei skulle følgje dei strategiske og taktiske ideane til den tredje internasjonale. Når dette er sagt var partiet aldri stort, det bestod av eit par dusinvis medlemmar som ifølgje kommunistpartiet som blei stifta i 1930 var «*totalt isolerte frå folket*»⁴⁴ partiet var eigentleg ikkje fungerande eit parti.

Med Savitski i føringa prøvde partiet desperat å kontakte Komintern i løpet av dei neste åra, men til ingen nytte. Leiinga i partiet følte at om ein blei med i den tredje internasjonale så ville ein få større prestisje blant sosialistiske bønder og proletariatet i landet og økonomisk støtte for å spreie propaganda. Til slutt kom ein endeleg i kontakt med Komintern, men søknaden til det fyrste kolombianske kommunistpartiet blei avslått. Grunnen til avslaget var at programmet til partiet var ideologisk sett altfor svakt og overambisiøst. Det såg nesten ut som om at den var skriven rundt Oktoberrevolusjonen. Partiet hadde klare og detaljerte planar om å ta makta og kva ein skulle gjere med den når den fyrst var teken, men partiet var ikkje i ein slik posisjon, partiet var liten og hadde ikkje folket med seg.⁴⁵ Med

42 Jeifets, Lazar y Victor: 11

43 Caro Peralta, Edgar: 186

44 Jeifets, Lazar y Victor: 8

45 Jeifets, Lazar y Victor: 13-14

andre ord, og ironisk nokk, det tidlege kommunistpartiet praktiserte ikkje nettopp det Lenin og Trotsky gjorde i Russland, ein konkret analyse av den konkrete situasjonen i landet. Det var fleire grunnar til at kommunistpartiet ikkje blei akseptert, dei kollaborerte mykje med sosialistpartiet i Colombia og til tider det Liberale partiet, noko som Moskva såg på som ideologisk forvirring. Vidare hadde dei «semikristne» element i partiet noko som ville føre til forvirring rundt konseptet av revolusjon.⁴⁶

2.2 Partido Socialista Revolucionario

Livet til det fyrste kolombianske kommunistpartiet var kort og i 1926 blei partiet med i det nye sosialistpartiet «Partido Socialista Revolucionario» (PSR). Partiet hadde ein breiare base med fagforeiningar i ryggen og kom til å setje eit større preg på historia til Colombia enn det fyrste kommunistpartiet. Dei gamle kommunistane godtok også namnet «sosialistparti» rett og slett på grunn av illegaliteten av å kalle eit parti «kommunistisk» i Colombia og fordi programmet til partiet forandra seg ikkje vesentleg ,men den blei oppdatert og det såg ikkje lengre ut som eit program skriven i 1917.⁴⁷ Symbolikken som partiet også brukte var klart kommunistisk, sjå for eksempel figur 4. Dette nye partiet kom også til å få ein større suksess med komintern delvis på grunn av Komintern sin interesse i Latin-Amerika, men mest på grunn av at arbeidarrørsla i Colombia hadde blitt større og meir aktiv med støtte og sympati frå tallause bønder.⁴⁸ Ein av dei største nasjonale fagforeiningane «Confederación Nacional de Colombia» (CNOC) som hadde omtrent 100.000 medlemmer var ein del av strukturen til dette nye partiet og skulle etter planen ta seg av den økonomiske kampen i partiet, med mest fokus på organisering av streik.


Eit muligvis viktigare punkt, og mest relevant for oss, er at PSR endeleg starta å vise nokk ideologisk «klarheit», det var eit større parti der marxismen faktisk var grunnlaget for programmet deira. Samstundes hadde ein endeleg *starta* å gå vekk frå den utopiske sosialismen og vulgærmarxismen som dominerte venstresida tidleg på 1900-talet i Colombia.⁴⁹

46 Jeifets, Lazar y Victor: 15

47 Jeifets, Lazar y Victor: 16

48 Jeifets, Lazar y Victor: 17

49 Caro Peralta, Edgar: 183



(Figur 4. Bilete frå 1927, medlemmar av PSR poserer med «flagget av dei tre 8», 8-timars arbeidsdag, 8 timars studie og 8 timars kvile)⁵⁰

PSR blei i perioden 1927-1928 invitert til å observere møter i komintern, diverse politiske møter i Sovjetunionen og i Tyskland for å skaffe seg politisk erfaring og for å modne ideologisk. Partiet hadde også fleire representantar som fekk studere ved Den Internasjonale Leninistiske skulen i Moskva. Resultatet av dette var at forholdet mellom PSR og Komintern blei forsterka, men viktigast av alt, PSR fekk viktig og god erfaring, både med tanke på organiseringa av partiet og ideologisk læring. PSR hadde ein representant på den VI kongressen til komintern, Jorge Cárdenas, der eit av dei viktigaste diskusjonsemna var nettopp Latin-Amerika og arbeidarrørsla på kontinentet. Komintern var ikkje særleg imponert over Cárdenas og spesielt over hans teoretiske bidrag i debatten, Sovjetarane kalla faktisk dei kolombianske delegatane småborgarar som var «totalt oppslukt over fascinasjonen av ein borgarleg demokratisk revolusjon som snart skal treffe Colombia og overbeviste at denne revolusjonen

⁵⁰ Anonym frå - <http://www.asisucedio.co/la-masacre-de-las-bananeras/>, Dominio público, <https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=71233796>

*skal gjere slutt på elendet til det kolombianske proletariatet».*⁵¹ Dette visar at ideologisk sett, hadde PSR ein veg å gå, trass i at ein hadde kvitta seg med store delar av den utopiske sosialismen og starta å gå vekk frå vulgærmarxismen. Uansett fekk PSR behalde representantane sine i Komintern med rett til å kome med innlegg, men utan stemmerett.⁵²

Vidare organiserte PSR eit av dei viktigaste streikane i kolombiansk historie, iallefall eit av dei mest kjente og symbolsk ladda. Dette var den høgt organiserte streiken blant bananarbeidarane i regionen Magdalena i 1928, den blir også referert til som «massakren av bananarbeidarane». Streiken var retta mot United Fruit Company, eit selskap som praktisk tala var ein stat innanfor staten i Colombia, dei hadde sitt eige politi og fengsel for å oppretthalde dei nesten slaviske arbeidsforholda. Streiken var organisert ilag med fagforeiningane i Magdalena, men kva var det ein eigentleg ville oppnå med streiken? PSR hadde større ambisjonar enn å bare forbetre dei elendige arbeidsforholda, men dette blei sjølv sagt ikkje gløymt. Ein komponent av strategien var å knuse dei utanlandske monopola som eksisterte i landet, der ein starta med UFC, men den langsiktige planen var mykje meir ambisiøs og dristig: ta kontroll over dei tre regionane som omringa Bogotá, Cundinamarca, og deretter angripe hovudstaden for å ta kontroll over landet. Som namnet på streiken tilsei, blei ikkje streiken særleg suksessfull iallefall om ein ser på planane til PSR. Regjeringa sette endeleg hæren inn mot dei streikande arbeidarane og gav ordre om å skyte, generalen som gav ordren blei seinare gratulert av presidenten etter å ha redda Colombia frå anarki. Streiken har heilt fram til idag vert symbolsk viktig for venstresida i Colombia, for det fyrste ein ser tilbake med beundring til ein meir «revolusjonær tid» i Colombia der det eksisterte høgt organiserte streikar og direkte aksjon, for det andre representerer den ei periode med konkret anti-imperialistisk politikk og resultatet av streiken visar også det reaksjonære andletet til den kolombianske staten.⁵³

Kva kan streiken seie om ideologien til PSR? Streiken reflekterer at partiet, var anti-imperialistiske og da hovudsakleg retta imot USA noko som fortsatt er ein karakteristisk del av den kolombianske venstresida idag. Vidare ser vi at partiet hadde ein høgare klassebevisstheit ved at ein ikkje såg seg nøgde med å bare forbetre arbeidsforholda til bananarbeidarane i Magdalena, partiet ville ta over makta

51 Jeifets, Lazar y Victor: 19

52 Jeifets, Lazar y Victor: 19

53 Jeifets, Lazar y Victor: 22

og sette kursen mot eit sosialistisk Colombia. Dette skjedde sjølvsagt ikkje og det visar at tross den ideologiske modninga så hadde PSR som det fyrste kommunistpartiet overvurdert den revolusjonære situasjonen i Colombia. Til slutt visar streiken det som til tider har vore ein tendens blant venstresida i Latin-Amerika, spesielt etter den kubanske revolusjon, nemleg ein sterk voluntarisme. Om ein bare har nokk menn med gevær, dynamitt og ein revolusjonær bevisstheit så kan ein gjennomføre revolusjonen, med andre ord, PSR var prega av eit romantisk syn på revolusjon og marxisme.

Kva skjedde tilslutt med PSR? Trass den ideologiske modninga som ein såg hos PSR blei ikkje Komintern fornøgde tilslutt. Ein aksepterte at partiet hadde vist eit revolusjonært potensial spesielt etter streiken i 1928, men streiken hadde også brakt med seg uventa resultat. Den vitaliserte store delar av venstresida i landet og resultatet blei at det oppstod fleire grupper på venstresida, blant anna kommunistiske grupper som meinte at PSR i praksis ikkje var kommunistiske og utfordra partiet utanfrå og frå innsida. På kongressen for latinamerikanske fagforeiningar og den fyrste kommunistiske kongressen i Latin-Amerika i Montevideo, Uruguay blei endeleg situasjonen i Colombia diskutert. Til stades var ein delegat frå Moskva for å observere debatten og der kom ein fram til at PSR ikkje lengre eksisterte som eit foreint parti og trengte sårt rettleiing frå komintern. Vidare konkluderte delegaten frå Moskva at sjølv om partiet hadde relativt brei støtte blant folket, iallefall for eit slikt parti i Colombia, mangla partiet ei kommunistisk kjerne, med andre ord, partiet var i praksis ikkje eit kommunistisk parti og ein mangla ein «verkeleg kommunistisk ideologi».⁵⁴ Partiet var i praksis eit revolusjonært sosialistisk parti med forskjellige sosialistiske ideologiar som anarkismen og radikale liberale ideologiar, men godt sminka med marxistisk retorikk.⁵⁵ Attpåtil kritiserte delegaten frå Moskva organisasjonen av partiet, om leiarane blei arresterte så hadde PSR ingen til å ta over plassen og mellombels leie partiet. Difor kunne partiet ha periodar der det praktisk tala ikkje eksisterte ei styring av partiet, noko som skjedde under streiken i 1928.⁵⁶ Når alt dette er sagt, var PSR eit viktig parti i Colombia sin historie, det var det fyrste partiet som faktisk utfordra det konservative-liberale hegemoniet i landet og det organiserte eit av dei symbolsk viktigaste og største streikane i kolombiansk historie som fekk presidenten til å frykte anarki i landet.

54 Jeifets, Lazar y Victor: 35

55 Medina, Medofilo: 1. 10

56 Jeifets, Lazar y Victor: 35

2.3 Partido Comunista Colombiano

PSR forstod alvorret, tok til seg kritikken og starta å planlegge på slutten i 1929 ei «bolsjevikisering» av heile partiet. I juli 1930 samla PSR seg for siste gong i hovudstaden og dagsordenen var stiftelsen av eit nytt parti, det kolombianske kommunistpartiet (PCC). Det var nettopp dei kommunistiske gruppene i og utanfor partiet som hadde kome fram i lyset etter streiken i 1928 som kom til å leie stiftelsen av dette nye partiet der ønsket var å forme eit «verkeleg» marxistisk-leninistisk parti. Det nye partiet ville vere gode kommunistar og difor i samlinga av partiet brukte dei eit brev frå Moskva som ei rettesnor for organiseringa av det nye partiet. Brevet var eit svar til PSR av eit brev som dei sendte i høve til streiken i 1928 og innhaldet i brevet var ein analyse av den økonomiske situasjonen i Colombia og kva PSR burde gjere for å verkeleg organisere eit levedyktig kommunistisk parti. Moskva sendte åtte bud til kolombianarane:

- I) Partiet bør vere ein organisasjon av folket.
- II) Ein må skipe eit nettverk av støtteorganisasjonar etter retningslinjene til den Kommunistiske Internasjonale.
- III) Etablering og systematisering av medlemsavgift av alle medlemmar av partiet.
- IV) Tildeling av arbeidsområde til kvar militant i partiet.
- V) Stifte eit journalistisk organ dirigert av sentralkomiteen i partiet.
- VI) Permanente relasjonar/kommunikasjonar mellom sentralkomiteen og dei regionale hovudkvartera i partiet.
- VII) Forsikre seg at sentralkomiteen er samansett av eit fleirtal av arbeidarar.
- VIII) Forsikre seg at partiet opprettheld sin proletariske karakter, ikkje bare av medlemmane, men også i den praktiske politikken.⁵⁷

Altså, Komintern var fyrst og fremst opptatt av at partiet måtte vere godt organisert og etter leninistiske prinsipp. Moskva la dessutan ekstra vekt på at det nye partiet måtte vere «... *absolutt uavhengig og forskjellig frå dei andre*⁵⁸ *med sin ideologi, sitt program og kampmetodar*». ⁵⁹ Det nye partiet tok til seg dette, men det var ikkje kun organiseringa av partiet som blei diskutert, eit nytt program var sjølv sagt

57 Medina, Medofilo: 2.2

58 Dei andre partia I landet

59 Medina, Medofilo: 2.2

eit av dei viktigaste punkta som skulle diskuterast. Tilslutt blei ein einige i eit nytt program for partiet og ifølgje Medofilo Medina var dette det fyrste verkelege marxistiske programmet til partiet i Colombia. Korleis såg programmet ut? Programmet starta med å deklarerere at partiet skulle *«kjempe for ein revolusjon der hovudkreftene bak denne skulle fyrst og fremst vere proletariatet, bøndene og andre sektorar frå det urbane og rurale småborgarskapet.»*⁶⁰ Vidare kan vi sjå i programmet det som seinare kjem til å bli sentralt i FARC sitt originale program frå 1964 og politikk, nemleg at *«ein sentral del av revolusjonen skal bli oppklaringa av agrarproblemet med å eliminere gamle føydale restar, delinga av jorda til dei som direkte arbeidar den via ekspropriering av jorda til dei store landeigarane utan kompensasjon.»*⁶¹ Revolusjonen skulle også eksplisitt vere anti-imperialistisk og ein skulle nasjonalisere direkte eller indirekte dei utanlandske selskapa i landet, noko som var spesielt retta mot selskap frå USA og Storbritannia. Deretter følgjer eit meir standard program frå venstresida i Latin-Amerika, 8-timars arbeidsdag, sikre dei politiske rettane til kvinner, separasjon av kyrkja og staten, og så ein meir spesifikk marxistisk politikk, kontrollen av dei nasjonale industriane av proletariatet. Tilslutt kom ein deklarasjon at partiet skulle respektere dei innfødde sin sjølvråderett.⁶²

Det nye kolombianske kommunistpartiet var i 1930-åra ikkje på latsida og kom til å vere svært aktive og hadde relativt god suksess. Partiet blei endeleg eit verkeleg nasjonalt parti og auka medlemstala sine. Dette har delvis med at ein kunne appellere til dei arbeidslause i byane og bøndene som sleit på bygda etter den økonomiske krisa i 1929. I praksis politikk var agrarspørsmålet essensielt, noko som det også kom til å bli i FARC. Dette var på grunn av at ein såg på revolusjonen som ei agrar anti-imperialistisk rørsle og pga agrarkampane som blei utkjempa av bøndene i denne perioden.⁶³ Kva var det PCC foreslo for å løyse agrarproblemet? I ein resolusjon som blei publisert i avisa «El Bolchevique» den 8 desember 1934 la partiet fram løysingane sine som var betre tenkt ut enn den enkle ekspropriasjonen av landa til dei store landeigarane, ein skulle no også *«utan diskriminering konfiskere dei imperialistiske agroselskapa og overføre dei til dei revolusjonære komiteane av arbeidarar og bønder, slik at dei kan bli distribuert, delvis preservert, i ein kooperativ form, om arbeidarane og bøndene vill disponere dei fritt.»*⁶⁴ Vidare skulle ein også *«fjerne all gjeld, kontraktar, obligasjonar og*

60 Medina, Medofilo: 2.2

61 Medina, Medofilo: 2.2

62 Medina, Medofilo: 2.2

63 Medina, Medofilo: 2.6

64 Medina, Medofilo: 2.6

*alle formar for personleg avhengigheit som undertrykker det arbeidande folket på landsbygda.»*⁶⁵ Med andre ord, partiet starta å utforme sin eigen agrarpolitikk som ikkje bare krav distribusjonen av jorda til dei store landeigarane til dei fattige bøndene og som ikkje bare var «klipp og lim» frå Oktoberrevolusjonen. Denne politikken blei praktisert ved at partiet skapte «bondeligaer» og/eller rurale fagforeiningar gjennom 1930-talet, det var blant anna dette som delvis kom til å leggje grunnlaget for dei kommunistiske sjølvforsvarsgruppene under «La Violencia».

Dette kan ved fyrste augekast ikkje verke særleg marxistisk, men ein må ikkje gløyme leninismen og eksempelet Oktoberrevolusjonen som nettopp gjekk føre seg i eit land med ein stor del av befolkninga på landsbygda. Det er sannsynlegvis dette som er eit av dei særleine karakteristika av PCC og FARC i Colombia, det store fokuset på dei fattige bøndene noko som *delvis* førte til ein neglisjering av for eksempel kaffibøndene og det urbane proletariatet. Så viktig var bøndene og agrarspørsmålet for PCC at den offisielle avisa for partiet heitte «Tierra», altså jord.⁶⁶

Vi skal ikkje dvele for mykje på den tidlege aktiviteten til PCC, men i ein kortfatta form kan den oppsummerast i seks hovudpunkt ifølgje Medina:

- I) For fyrste gong i Colombia blei det stifta eit parti som verkeleg var av arbeidarklassa, som var uavhengig frå borgarskapet og deira parti.
- II) Fagforeiningane som blei stifta i denne perioden (1930 til omtrent 1935) var grunnlagt på ein verkeleg uavhengig proletarisk base.
- III) Partiet blei endeleg eit verkeleg nasjonalt parti
- IV) Realiseringa av instruksjonen til Lenin om at ein må *«bringe ideen til folket og overbevise dei at kunn med den revolusjonære kampen kan ein oppnå seriøse og stabile forbetringar»*.
- V) Utviklinga av ein proletær internasjonalisme via kampen mot den kommande krigen, solidariteten med Sovjetunionen og ein organisk tilknytning til den kommunistiske internasjonalen.
- VI) Verkelege steg for å realisere alliansen bonde-proletar-infødd.⁶⁷

65 Medina, Medofilo: 2.6

66 Arango, Carlos Mario: 4

67 Medina, Medofilo: Konklusjon(2)

I 1939 blei Augusto Durán Ospino valt som leiar for partiet og partiet gjekk inn i ei ny periode. Slagordet til den fyrste kongressen til PCC i 1941 symboliserer det nye fokuset til partiet: «*Den einaste vegen, knus Hitler!*». ⁶⁸ Det blei gjennom perioden 1941 til slutten av krigen fokusert på å kjempe mot fascismen, som også låg på lur i Colombia representert med Laureano Gomez, og forsvaret av demokratiet i landet samt styrke relasjonane med Sovjetunionen. Metoden ein brukte for å kjempe mot fascismen i Colombia var den foreinte fronten. No skulle ein mellombels alliere seg med alle partar som ville preservere demokratiet i landet og sikre at fascismen ikkje fekk eit fotfeste. Dette ifølgje Durán var første steget til å konstruere sosialismen. ⁶⁹

Ein sentral forandring kom med at partiet skifta mellombels namn til «Det sosialdemokratiske partiet». Fyrst og fremst er det viktig å hugse på at sosialdemokratiet i 1940-åra ikkje var det sosialdemokratiet som vi kjennar idag, datidas sosialdemokratiske parti var som regel revolusjonære (merk at bolsjevikkarane var med i det russiske sosialdemokratiske partiet) og ville implementere sosialismen, men med demokratiske metodar. Durán forsikra partiet at vegen var framleis sosialismen, men at ein måtte forandre namnet på partiet for å trekkje til seg folket «*...namnet «kommunistisk» er eit klart hinder i det kortsiktige løpet for å forandre oss til eit parti av folket*». ⁷⁰

Samstundes var Durán påverka av Earl Browder, leiaren for kommunistpartiet i USA som med sine skrifter «grunnla» browderismen som fekk fotfeste i USA, Cuba og i Colombia på slutten av den andre verdskrigen. Browder sine tankar gjekk kortfatta ut på at når krigen var vunnen, så ville det oppstå ein allianse mellom USA og Sovjetunionen på grunn av samarbeidet og godviljen som oppstod i krigen, begge partar ville innsjå at den andre ikkje var så fiendtleg som ein trudde. Det som gjorde Browder sikker på at dette kom til å skje var møtet mellom Churchill, Roosevelt og Stalin i Theran der dei alle skreiv under på at samarbeidet mellom dei tre landa skulle fortsette etter krigen var slutt. Browder skreiv i 1943 «...eg trur at vi kan ta det løftet alvorleg.» ⁷¹ dette betydde at sosialismen og kapitalismen kom til å leve i fredeleg sameksistens etter krigen. Dette førte dermed med seg at kommunistar og sosialistar ikkje trengte å kjempe mot kapitalismen på same måten som før sidan klassesamarbeidet

68 Arango, Carlos Mario: 7

69 Arango, Carlos Mario: 10

70 Arango, Carlos Mario: 8

71 Browder, Earl: 4

under krigen kom til å fortsette. Når dette er sagt viste Durán avstad frå Browder og avviste at han var ein tilhengar av han sine idear. I tillegg tok partiet avstad frå Browder og bekrefta at det var heller ideologisk rettleia av den sjuande kongressen til Komintern.⁷² Det oppstod i 1947 ein splitt i partiet der historiografen peiker nettopp på at det var Browder sine tankar som splitta partiet, dette kan ha vore ein av grunnane, men ifølgje Carlos Arango var det heller spørsmålet om korleis revolusjonen skulle gjennomførast som var grunnen til splitten. Skulle revolusjonen gå føre seg via demokratiet eller ein væpna revolusjon? Durán stod fast på at den skulle gjennomførast fredeleg og demokratisk, men ein relativt stor fraksjon støtta at revolusjonen skulle vere valdeleg. I august 1949 blei partiet endeleg samla igjen og ein stadfesta at revolusjonen skulle forgå demokratisk.⁷³

Fungerte den nye strategien til Durán? I Durán sin periode såg partiet ein eksponensiell auke i medlemstalet, om dette var på grunn av det mellombels skifte i namnet til partiet er usikkert, men auken kan henge saman med at Colombia var inne i ein periode med industriell vekst og at det var av det nye proletariatet dei nye medlemmane kom frå. Fokuset på å alliere seg med alle som forsvarte demokratiet og kjempa mot fascismen kan også delvis forklare aukinga av medlemstalet til partiet.⁷⁴

Perioden etter 1948 og Gaitán sin død var ekstraordinær sidan landet braut ut i full borgarkrig. Korleis reagerte partiet på borgarkrigen som braut ut? Kortfatta kan ein seie at dei haldt fram med å samarbeide med alle som ville redde demokratiet og kjempe mot fascismen sidan ein frykta at det snart ville kome eit fascistisk statskupp. I avisa «El Liberal», den liberale avisa i Bogotá og den einaste som sirkulerte dagen etter Gaitán sin død, skreiv generalsekretæren for kommunistpartiet, Gilberto Vieira som støtta den væpna revolusjonære kampen «...kommunistane er klare for å kjempe saman med liberalismen, for nederlaget av det katastrofale reaksjonære regimet og for restaureringa av demokratiet med hjelp av alle våpen som situasjonen krev».⁷⁵ Vidare blir frøa til FARC sådd «Derfor kallar vi folket til å forme militsar av folket bestående av alle demokratar for å slå ned det vanærande regimet som undertrykkar folket og skjemmer fedrelandet.»⁷⁶ Deretter under den blodige borgarkrigen som varte til 1958 arbeidde kommunistpartiet med å skipe det som blei kalla sjølvforsvarsgrupper noko som dei var ganske

72 Arango, Carlos Mario: 9

73 Arango, Carlos Mario: 10-11

74 Arango, Carlos Mario: 11

75 Medina, Medofilo: 5.10 (sitat henta frå Medina)

76 Medina, Medofilo: 5.10 (sitat henta frå Medina)

suksessfull med sidan partiet hadde nettopp fokusert på å organisere bøndene på landsbygda i meir enn tjue år, kameratar frå partiet som hadde blitt sendt ut for å stifte desse gruppene eller spreie propaganda på bygdene som for eksempel Jacobo Arenas tok opp våpen og blei med i kampen.

3 . Den ideologiske utviklinga til FARC

Vi har no sett på dei ideologiske røtene til FARC, men korleis var den tidlege ideologiske utviklinga til gruppa som kom til å bli FARC? Eit interessant moment å ta føre seg er, kva var eigentleg desse sjølvforsvarsgruppene, var dei skipa fyrst og fremst for å forsvare eit gitt område, eller var dei skipa for å gjennomføre revolusjonen?

Slike sjølvforsvarsgrupper har vore populære i Latin-Amerika og er eit kjent fenomen på kontinentet, spesielt etter borgarkrigen i Colombia og den seinare suksessen til FARC. Dei har generelt sett blitt oppretta i prekære situasjonar slik som borgarkrigar i land der staten i praksis ikkje har eit monopol på våpen, dette er da spesielt i grenseområde (frontier regions) sidan det er nettopp der staten har minst kontroll. Dei består for det meste av militsar samansett av bønder eller lokalbefolkninga for å forsvare seg imot eksterne trugslar og til ein mindre grad å involvere seg i nasjonal politikk. Dei har generelt sett blitt oppretta av politiske organisasjonar eller av lokalbefolkninga sjølv. Slike sjølvforsvarsgrupper blei sterkt kritisert på venstresida på 1960-talet av for eksempel Régis Debray, ein fransk filosof som blant anna var professor i Universitetet i Havanna og blei med Che Guevara i Bolivia. Kritikken gjekk for det meste ut på at desse gruppene ikkje kunne vere grunnlaget for ein revolusjon sidan dei var hovudsakleg defensivt orienterte.⁷⁷ Det er sant at i Colombia blei dei grunnlagt og fungerte tidleg som reint defensive grupper for å forsvare seg imot ein ekstern trugsel, men det som også er sant i Colombia er at desse hadde eit revolusjonært potensial og var tilbøyelege til å konvertere seg til ein mobil revolusjonær gruppe. Nettopp på grunn av den tidlegare defensive karakteren til desse gruppene i Colombia så hadde PCC forma eit organisk forhold med bøndene og samfunna deira. På grunn av den nære kontakten som oppstod mellom desse bøndene og PCC skapte det ein tillit og revolusjonær bevisstheit blant bøndene og geriljasoldatane.

I 1952 blei den fyrste geriljakonferansen, eller sjølvforsvarskonferansen, organisert i Viotá, Cundinamarca der både liberale og kommunistiske delegatar var samla. Regionen var ein sjeldan kommunistisk bastion blant kaffiarbeidarane der PCC var svært aktive på 1930-talet. Her diskuterte ein militære strategiar, det politiske klima i landet og samarbeid mellom dei forskjellige gruppene. Som FARC sjølv skriv, «*Spørsmålet om kampen for politisk makt blei ikkje skikkeleg stilt og var ikkje ein*

⁷⁷ Hobsbawm, Eric, 2016:Kapittel IV, 21-7

gong i dei strategiske planane». ⁷⁸ Med andre ord, originalt var gruppa som kom til å bli FARC ein rein defensiv organisasjon utan klare mål om politisk makt, det var iallefall ikkje eit viktig punkt sidan ein ikkje tok det opp til debatt i 1952.

1953 er året som markerer ein forandring i gruppa som skulle bli FARC. Det var i dette året at militærkuppet som PCC hadde frykta endeleg kom, leia av General Gustavo Rojas Pinilla som tok makta og innførte det einaste militærdiktaturet i Colombia sin moderne historie. ⁷⁹ Sjølve kuppet var blodlaust og blei støtta av delar av både det Liberale og Konservative partiet, men Rojas Pinilla fekk mest støtte frå det konservative partiet der han hadde politiske og familiære tilknytningar. Fraksjonane i både det Liberale og Konservative partiet som ikkje støtta kuppet gjorde ikkje stor motstand på grunn av at ein ville ha ein slutt på det endelause blodbadet. Rojas Pinilla var sjølv konservativ, antikommunist og som den amerikanske ambassadøren i landet sa han «...såg ein kommunist bak kvar eit kaffitre...». ⁸⁰ Regimet hans var delvis inspirert av den argentinske presidenten Juan Domingo Perón. Rojas Pinilla lova at borgarkrigen skulle ta slutt og han gav amnesti til alle geriljagrupper som frivillig meldte seg og la ned våpna. Dette gjorde dei fleste liberale gruppene, men få av dei kommunistiske som var tilknytt PCC. PCC og sjølvforsvarsgruppene som var knytta til partiet såg på militærkuppet og nedlegginga av dei liberale gruppene som ein måte for dei herskande klassene å overleve og bevare klasseinteressene sine før dei la landet i ruinar. ⁸¹ Med andre ord, no stod PCC og deira sjølvforsvarsgrupper åleine, ein kunne ikkje fortsette slik som ein hadde gjort.

Når dei kommunistiske sjølvforsvarsgruppene nekta å leggje ned våpna, starta Rojas Pinilla ein ny blodig militærkampanje mot desse og gjorde PCC ulovleg i 1954, den einaste plassen som no var relativt trygg for medlemmar i PCC var på landsbygda med dei kommunistiske sjølvforsvarsgruppene. Den store majoriteten av bøndene som fortsette kampen var no kommunistar eller radikale liberale. ⁸² Gruppene som tilslutt kom til å stifte FARC måtte dermed, sidan dei hadde færre allierte og blei jakta på av hæren, bli ein meir mobil geriljagruppe.

78 FARC-EP, 1999:11

79 Forrest, Hylton: 77

80 Forrest, Hylton: 77

81 FARC-EP, 1999: 12

82 FARC-EP, 1999: 13

Kva var egentleg ideologien til gruppene som kom til å bli FARC på 1950-talet? Ein kan egentleg ikkje snakke mykje om ein sjølvstendig ideologi for desse kommunistiske gruppene, dei blei sett på og var den væpna gruppa til PCC, altså ein følgde den politiske og ideologiske linja til partiet. På 1950-talet var både PCC og desse gruppene i ein kamp for overlevelse og unngjekk direkte konfrontasjonar med hæren. PCC var organisatorisk praktisk tala i oppløysing, medlemmar og leiarar i partiet blei fengsla eller drepne, det var ein kamp for overlevelse for partiet og sjølvforsvarsgruppene. For å konkludere, på 1950-talet var desse gruppene reint defensive grupper og dei følgde PCC sin politikk og ideologi, men med eit klart fokus på å kjempe for overlevelsen og klasseinteressene til dei fattige bøndene som blei hardast ramma av borgarkrigen i landet.

Partiet blei endeleg lovleg igjen med militærdiktaturet sitt fall i 1957 og i 1961 på den niande kongressen til PCC blei det vedtatt det som allereie var praksis «*Kombinasjonen av alle formar for kamp*». ⁸³ Denne kombinasjonen av alle formar for kamp gjekk ut på at PCC skulle prøve å vinne makta på pasifistiske måtar, gjennom demokratiske val, formeiringa av kommunistiske fagforeiningar og propaganda. Samstundes skulle den væpna delen av PCC kjempe for revolusjonen illegalt og med våpen. Med denne deklarasjonen blei no gruppene som kom til å bli FARC eit politisk våpen for PCC. Kombinasjonen av alle formar for kamp var delvis inspirert av den kubanske revolusjonen og den fyrste deklarasjonen av Havanna. Fyrst og fremst, den kubanske revolusjon viste at det var mogleg å starte revolusjonen her og no i Latin-Amerika med ei lita gruppe med geriljasoldatar, den gav sterk inspirasjon og eufori for den revolusjonære venstresida i landet og på kontinentet. Vidare leste den nye helten Fidel Castro opp den fyrste deklarasjonen av Havanna den andre september 1960 som sa: «...demokratiet kan ikkje konstituerast kun med å bruke stemmeretten, som nesten alltid er fiktiv og manipulert...men også retten til borgarane...å velje sin eigen skjebne». ⁸⁴ Vidare blir folket i Latin-Amerika oppfordra til å følgje det kubanske eksempelet «*Den Nasjonale Kongressen av det Kubanske Folk proklamerer framfor Amerika: ... retten til folket å forandre militærbaser om til skular, og væpne arbeidarane sine, studentane sine, dei intellektuelle, svarte, innfødde, kvinner, ungdommen og dei eldre, alle dei undertrykte slik at dei kan forsvare seg sjølve, rettane sine og skjebnen sin!*». ⁸⁵ Med

83 Trejos, Luis Fernando og Arana Gónzales, Roberto: 70

84 Den fyrste deklarasjonen av Havanna, 2 september 1960 http://media.cubadebate.cu/wp-content/uploads/2017/09/primera_declaracion_habana_2-09-1960.pdf

85 Den fyrste deklarasjonen av Havanna, 2 september 1960 http://media.cubadebate.cu/wp-content/uploads/2017/09/primera_declaracion_habana_2-09-1960.pdf

andre ord, eit opprop til væpna revolusjon.

Det er ikkje kun politiske dokument og propaganda som kan reflektere den ideologien til desse gruppene, men også kva dei faktisk gjorde politisk i dei områda som dei kontrollerte. Korleis organiserte desse kommunistiske gruppene samfunna som dei kontrollerte? Fyrst og fremst organiserte desse geriljagruppene «juntas de unión campesina» eller «juntas de autodefensa» som kan bli oversett til bonderåd og sjølvforsvarsråd. Altså, ein sette opp ein mellombels organisasjon som skulle styre desse samfunna saman med dei lokale bøndene. Fyrsteprioritet for desse var å sikre ro og orden i samfunna der geriljasoldatane fungerte i praksis som politi. Dessutan skulle desse råda sikre seg at geriljasoldatane var disiplinerte og gjorde arbeidet sitt på ein rettferdig måte. Med andre ord, ein sette opp eit administrativ organ.⁸⁶

Desse råda hadde også ansvaret for å realisere agrarpolitikken til PCC, nemleg ein starta å konfiskere land som var eigd av større landeigarar og distribuerte jorda til dei fattigare bøndene. Jord som ikkje var i bruk, men eigd av nokon som ofte er realiteten i Colombia, blei også konfiskert og distribuert til dei fattigaste bøndene. Om ein kunne, kjøpte desse råda land og distribuerte den til bøndene i samfunna. Råda verna også om samfunna frå spekulasjonar på jorda som dei eigde og i somme tilfelle som i Riochiquito starta ein elementær utviklingsarbeid for samfunna som forbetringar i infrastrukturen på landsbygda. Det er også dokumentert at råda/geriljagruppene koloniserte ny jord, tok tilbake jord som hadde blitt kjøpt opp av dei større landeigarane eller tok tilbake jord som hadde blitt forlat. Denne politikken kunne også gå føre seg på valdeleg vis, i Riochiquito konfiskerte geriljasoldatane med våpen jorda til dei store landeigarane og somme av dei blei skotne. Desse råda var som geriljagruppene relativt autonome og ein kan ikkje generalisere for mykje om kva dei faktisk gjorde i samfunna som dei kontrollerte, men ein kan sjå at dei i praksis prøvde å implementere delar av PCC sin agrarpolitikk.⁸⁷ Korleis blei desse råda og geriljagruppene finansiert? Delvis var dei sjølvfinanserte med å for eksempel selje det som bøndene produserte, skattlegging og medlemsavgiftar, men interessant nokk organiserte PCC «krigsobligasjonar» i byane der medlemmar eller sympatisørar blei oppfordra til å bidra for å støtte geriljagruppene.⁸⁸

86 Peña, Mario, A: 57

87 Peña, Mario, A: 58-59

88 Peña, Mario, A: 60

Det er essensielt å forstå at når FARC blei stifta så blei den stifta av sjølvforsvarsgruppene ikkje av PCC og organisasjonen var aldri formelt sett ein del av partiet, sjølv om mange av dei var medlemmar av partiet. Medlemmar av PCC blei ikkje oppfordra til å bli med i FARC, men halde seg i partiet og arbeide for partiet i urbane strøk. Forholdet mellom FARC og PCC på 1960 og delar av 1970-talet var at FARC i praksis, men ikkje formelt, var den væpna delen av PCC.

3.1 FARC 1964- 1978

Vi har no sett kortfatta på den ideologiske utviklinga til gruppene som kom til å bli FARC, men kva var ideologien til FARC når gruppa endeleg blei grunnlagt? Som vi nettopp har sett var grunnlegginga av FARC delvis inspirert av den kubanske revolusjon, men FARC blei ikkje direkte grunnlagt på grunn av den slik som andre geriljagrupper i Colombia, for eksempel Ejercito de Liberación Nacional (ELN) eller av den kinesiske revolusjon som Ejercito Popular de Liberación (EPL).

Dette blir også reflektert i agrarprogrammet til FARC, publisert fyrst i 1964⁸⁹ og revidert i 1993⁹⁰. I dette programmet forklarar FARC kvifor ein starta å kjempe, korleis legitimerte dei sin væpna kamp i denne perioden? Fyrst og fremst, i programmet som er revidert i 1993 står det at FARC er «*nerven av ein revolusjonær rørsle som stammar frå 1948.*»⁹¹ Den delen av programmet som handlar om agrarspørsmål som ikkje har blitt revidert mykje i 1993 visar korleis dei legitimerte den væpna kampen sin i 1964: «*Vi kjempar for ein agrarpolitikk som gir jorda frå latifundio(et) til bøndene: derfor, sidan idag 20 juli 1964, er vi ein geriljahær som kjempar for det følgjande agrarprogrammet.*»⁹² Vidare legg programmet fram at ein må verne om autonomien til dei innfødde samfunna i landet.⁹³

Ytlegare legitimerte dei den væpna kampen på grunn av at alle andre vegar var stengde. Altså, hovudsakleg legitimerte dei den kampen med interne årsaker i Colombia, spesielt på landet. Dei nemnte ikkje spesifikt at ein ville implementere eit sosialistisk styre i landet, men hovudpunkta i programmet kan utan tvil bli sett på som sosialistiske forslag og Marxist-leninistiske. I programmet

89 FARC-EP, 1999: 21

90 FARC-EP, 2005: 11

91 FARC-EP, 2005: 115

92 FARC-EP, 2005: 115

93 FARC-EP, 2005: 117

foreslår FARC for eksempel «...*ein effektiv revolusjonær agrarpolitikk ...*» og å gi «...*jorda gratis til bøndene som arbeider den og som har lyst til å arbeide den...*» den jorda blir gitt gratis «... *via konfiskasjonen av jorda frå latinfundia*». ⁹⁴ Det vil seie, å gi produksjonsmidla på landet til bøndene. Noko som visar FARC sin Leninistiske overbevisning er «*alliansen mellom arbeidarar og bønder og av den foreinte front av alle kolombianarar i kampen for ein forandring i regimet*» ⁹⁵, noko som reflekterer direkte Lenin sin vekt på denne alliansen. ⁹⁶ FARC starta med andre ord og fortsett som Marxist-leninistiske med ein sterk tilknytning til det kolombianske kommunistpartiet under den fyrste epoken av sin historie. ⁹⁷ Ein ser klart likskapen i både ord og formuleringar av agrarpolitikken til kommunistpartiet på 1930 og 40- talet.

Det var seks konferansar under den fyrte epoken til FARC (fram til 1978), kvar og ein av dei handlar i store trekk om militære strategiar, taktikkar og politikk, den interne organiseringa av gruppa og stadfestingar av gruppa sin revolusjonære karakter. ⁹⁸ Det mest interessante for dette arbeidet, er at i den tredje konferansen grunnla FARC «La Escuela Nacional de Formación Ideológica», altså den nasjonale skulen for ideologisk trening, og studien av «la guerra del pueblo», folkets krig, der ein sannsynlegvis refererer seg til Mao og erfaringa i Vietnam, men desse blir ikkje spesifikt nemna. ⁹⁹ Med andre ord, den ideologiske treninga og studiet av andre sosialistiske kampar var viktig for FARC i denne perioden.

Under denne perioden var ikkje FARC å eksplisitt alliert med den Sovjetiske Unionen, iallefall samanlikna med PCC og FARC mottok ikkje ideologisk og militær støtte frå Sovjetunionen, heller ikkje frå Cuba i motsetning til andre geriljagrupper i Latin-Amerika. Ein av dei naturlege grunnane til at det ikkje oppstod ein allianse med Sovjetunionen og FARC eller at dei mottok økonomisk eller militær støtte frå Sovjetunionen var at den offisielle linja frå Sovjetunionen sa at Colombia ikkje var klar for revolusjonen. Colombia blei sett på som eit halvføydalt land som venta på ein borgarleg revolusjon, vidare hadde ikkje FARC på 1960-talet stor påverknad i landet og var ikkje strategisk viktig som for eksempel Cuba var. Istaden for støtta dei seg sjølve, økonomisk og militært, noko som

94 FARC-EP, 2005: 116

95 FARC-EP, 2005: 117

96 Lenin, V,I : «Alliance Between the Wrokers and the Exploited peasants» A letter to Pravda

97 Brittain, James, 2010: 15

98 FARC-EP,2005: 211-213

99 FARC-EP,2005: 212

resulterte i at dei var ekstremt fattige i den tidlege perioden.¹⁰⁰

3.2 FARC 1978-1990

Vi går no inn i den andre epoken til FARC. Fyrst og fremst, kvifor reknar eg denne epoken som den andre i FARC in historie? Eg reknar dette som den andre epoken på grunn av: Den sjette konferansen til FARC var i 1978 og dette var ein svært viktig konferanse ifølgje Jacobo Arenas.¹⁰¹ I denne perioden oppstod det tensjonar mellom FARC og PCC. Fredsforhandlingar mellom FARC og regjeringa blei innleia i denne perioden som resulterte i ein fredsavtale i 1985 og etableringa av det nye partiet Unión Patriótica(Patriotisk samling) i same år.¹⁰² Mest interessant for dette arbeidet, ser man i denne perioden ein klar ideologisk forandring i denne epoken og tilslutt omfattar denne perioden fallet for «den verkelege sosialismen» og den Sovjetiske Union.

Kvifor er den sjette konferansen så viktig i FARC in historie? Den var, ifølgje Jacobo Arenas, den mest innhaldsrike i FARC sin historie og der var heile 5 månader med forberedelser.¹⁰³ Den viktigaste forandringa i denne konferansen var «den nye operasjonsmåten». Den nye måten å operere på gjekk ut på at FARC ikkje lengre burde vente på fienden, men aktivt søkje og angripe fienden,¹⁰⁴ og i Arenas sine ord «*Det blir for fyrste gonge stadfesta ein revolusjonær hær*».¹⁰⁵ FARC skulle ikkje lengre bare vere ein geriljagruppe, men fungere meir eller mindre som ein offensiv hær. Vidare såg ein nødvendigheita av å reorganisere organisasjonen internt og «*ideen om hemmeleg arbeid blei stadfesta*».¹⁰⁶ På konferansen blei man også einige om at tidsskriftet «Resistencia» burde publiserast på permanent basis.¹⁰⁷ Konferansen blei også einige om at ein måtte reorganisere det finansielle aspektet til gruppa, at ein måtte militært sett vekse å bli sterkare, skaffe våpen frå utlandet, reorganisere den militære strukturen og styrke den politiske aktiviteten. Tilslutt reviderte også konferansen agrarprogrammet frå 1964.¹⁰⁸

100 Brittain, James, 2010: 44-45

101 Arenas, Jacobo,1984: 18

102 Peña, Mario, A: 123

103 Arenas, Jacobo,1984: 18

104 Peña, Mario, A: 111

105Arenas, Jacobo,1984: 18

106 FARC-EP,2005: 213

107 FARC-EP,2005: 213

108 Peña, Mario, A: 112-113

Det som er mest interessant for oppgåva med konferansen er at ein la stor vekt på å publisere og distribuere til alle geriljasoldatane i gruppa eit «ideologisk pamflett». Pamfletten blei publisert i 1980. Målet til pamfletten var å «...bidra til eit løft i det ideologiske og politiske nivået til alle soldatane i FARC.»¹⁰⁹ Fyrst og fremst handlar pamfletten om fundamentet til marxismen og leninismen. Pamfletten er klart skriven for nybegynnarar til marxismen og leninismen, men når dette er sagt er den ikkje enkel lesing. Den går metodisk igjennom fundamenta til marxisme-leninismen, men også fundamenta til naturvitskapen, grunnleggande universell historie og antropologi. Pamfletten er klart retta mot målgruppa, altså bønder som har iallefall grunnleggande utdanning og som nettopp har blitt med i FARC eller som treng utdyping i marxismen. Den tilbakevisar somme «tradisjonalistiske» tru, som at Gud skapte verda på seks dagar etc. Alt i alt reflekterer den ein dogmatisk marxisme-leninisme og visar tendensar til ein vulgærmarxisme. Ein skriv for eksempel: «...det revolusjonære skrittet frå kapitalismen til sosialismen er ikkje bare eit enkelt ønske av kommunistane, men ein nødvendigheit av den historiske utviklinga.» Det må nemnast at i same avsnitt presiserer FARC at «Men kommunistane er tvinga, via kjennskapen til marxisme-leninismen å hjelpe til med kamp denne forandringa frå det gamle samfunnet til det nye: Sosialismen».¹¹⁰

Tendensane til ein vulgærmarxisme visast også seinare i pamfletten: «Den historiske materialismen oppstod fordi utviklinga til samfunnet krav det».¹¹¹ I setninga som følgjer kan det vere litt vanskeleg å definitivt konkludere om den visar tendensar til vulgærmarxisme eller om den motseie den: «Marx og Engels var dei geniale grunnleggjarane, dei som oppdaga lovene som styrer den sosiale utviklinga».¹¹² Bli her Marx og Engels framstilt som geni som endelig forstod dei grunnleggande lovene som styrer den sosiale utviklinga, eller bare som instrument i den sosiale utviklinga, sidan utviklinga til samfunnet krav at nokon kom til å oppdage desse lovene? På same side er det skriven ei setning som utan tvil er vulgærmarxistisk «Dei dialektiske lovene avslører dei objektive prosessane, dei som er der uavhengig av vilja til menneska.»¹¹³ Dette visar tendensar til vulgærmarxisme, men som i sitata i det førre avsnittet gløymer FARC heller ikkje det menneskelege elementet i den sosiale utviklinga, utan kommunistar som kjempar og kjennar til desse lovene blir ikkje sosialismen og seinare kommunismen ein realitet.

109 FARC-EP, 1980 Cartilla Ideológica

110 FARC-EP, 1980 Cartilla Ideológica: 14

111 FARC-EP, 1980 Cartilla Ideológica: 15

112 FARC-EP, 1980 Cartilla Ideológica: 15

113 FARC-EP, 1980 Cartilla Ideológica: 15

Den sosiale utviklinga er objektiv og uavhengig av vilja til menneska, men utan kommunistar som kjempar for den, blir den ikkje ein realitet på same måte som at toget kjem tilslutt til endestasjonen, men ikkje utan kull. Om ikkje dette er rein vulgærmarxisme, så er det iallefall ein deterministisk måte å lese Marx på.

Den nye «operasjonsmåten» som Arenas snakkar om var delvis mogleg grunna ein veks i medlemmar i FARC saman med dei nye måtane å finansiere organisasjonen på. Det var på 1980 og 1990-talet at FARC starta å bli ei kjent geriljagruppe internasjonalt, som nettopp var resultatet av dei nye metodane å finansiere seg sjølve på, nemleg via kidnappingar og skattlegging av coca i FARC kontrollerte område.

FARC blei på 1980 og 90-talet ofte omtalte som «narkogerilja» som stammar frå krigen mot narkotika i USA, noko som både den kolombianske staten og USA delvis står bak på grunn av at desse ville diskreditere FARC som var både deira ideologiske og militære fiendar. Korleis kunne FARC ideologisk legitimerte kultiveringa av coca og innhentinga av skatt frå den? FARC legitimerte å finansiere seg via skatteinntekter frå coca med at bøndene som budde på landsbygda måtte dyrke coca for å overleve. Det var ikkje mogleg å overleve med å kultivere grønsaker, kaffi, frukter, etc. FARC kjempa for bøndene, spesielt dei fattigaste av dei (dei som oftast måtte og framleis må kultivere coca for å overleve, dette er framleis eit problem i Colombia, problemet er faktisk *større* no etter freden enn under borgarkrigen, sidan 2013 har kultiveringa av coca auka årleg med 45%)¹¹⁴ å ta frå dei fattigaste bøndene sine livsgrunnlag ville bety sveltetøden for desse. Ein må også hugse at det er desse som konstituerer basen for geriljasoldatane i FARC og maktgrunnlaget deira, å fjerne desse ville vere ideologisk og pragmatisk umogleg. For å vere meir spesifikk, FARC støtta klassen som produserte coca og ikkje cocaen i seg sjølv, heller ikkje industrien eller narkoøkonomien i Colombia, iallefall offisielt.¹¹⁵

Korleis legitimerte FARC bruken av kidnappingar for å finansiere seg sjølve? Det finnast generelt sett ein misforståing i vesten om kidnappingane til FARC som igjen delvis er produsert av den kolombianske staten og USA. Kidnappingane for FARC hadde både eit finansielt, politisk og ideologisk mål, dei var med andre ord planlegga og bevisste. Kidnappingar hadde blitt brukt før, men

114Nordstrøm, Johan (26.09.2018) <https://e24.no/naeringsliv/kaffe/priskrasj-paa-kaffe-gjoer-at-colombianske-boenderdyrker-kokain-planten-isteden/24448808> og UNODC og regjeringa i Colombia, 2018: 13-14
https://www.unodc.org/documents/crop-monitoring/Colombia/Colombia_Monitoreo_territorios_afectados_cultivos_ilicitos_2017_Resumen.pdf

115Brittain, James, 2010: 91-92 og og Ruiz, Olmedo (intervju) 25.05.2018

sporadisk og ikkje som ein bevisst strategi, strategien om kidnappingar blei fyrst vedtatt ved den sjette konferansen i 1978.¹¹⁶ Det som gruppa fyrst gjorde var å samle informasjon om personar i området som kunne vere eit potensielt mål for å bli kidnappa, dette kunne vere høgreekstremistiske ideologar, personar frå den politiske eliten, dei med ein relativt stor inntekt/rikdom eller militærpersonale. Med andre ord, ein skulle ikkje kidnappe personar som ikkje var rekna som klassefiendar av FARC. Når ein fyrst hadde kidnappa ein person som kvalifiserte seg til dette, haldt ein dei i fangenskap til lauspengane hadde blitt betalt inn.¹¹⁷ Det må også presiserast at kidnappingane var organisert av dei forskjellige frontane, slik kunne somme frontar få eit rykte på seg av å vere spesielt aktive med å kidnappe personar.¹¹⁸

Marulanda påpeikte misnøye med kommunistpartiet i denne perioden som Fidel Castro skriv etter ein samtale med Marulanda: «*Marulanda var klar over at dei var svake i dei større byane på grunn av feila til Kommunistpartiet...*»¹¹⁹ Vi har sett at FARC og kommunistpartiet i Colombia har hatt tette band, både ideologisk, i praktisk politikk og ved at mange av dei originale i FARC var medlemmar av partiet. Korleis kunne det ha seg at FARC på midten av 1980-talet starta å gå sin eigen veg? Grunnen til dette er at det oppstod tensjonar mellom partiet og FARC på starten av 1980-talet. Tensjonane mellom dei to partane kom fram i lyset på starten av 1980-talet, delvis fordi FARC hadde ein stor vekst i denne perioden, både militært og økonomisk, delvis på grunn av skattane ein fekk via kultiveringa av coca i territoria sine. Slik kunne FARC bli meir økonomisk og ikkje minst ideologisk og politisk uavhengige av kommunistpartiet.¹²⁰

Tensjonane mellom FARC og PCC økte meir etter implementeringa i Sovjetunionen av «Perestrojka» og aksepteringa av den av PCC. Tensjonane resulterte tilslutt til eit offisielt brot mellom FARC og PCC og FARC angreip kommunistane/sosialistane som aksepterte «Perestrojka».¹²¹ Slik beskrev FARC reaksjonen sin på «perestrojka»: «*Heile FARC sidan 1989 lukka rekkene mot det såkalla Perestrojka, ein sann internasjonal konspirasjon mot sosialismen.*»¹²² Vidare sa dei at Perestrojka «*...forvrenge dei*

116Dudley, Steven: 42

117Brittain, James, 2010: 118-119

118Dudley, Steven: 42 og 56

119Fidel, Castro Ruz, 2008: 121

120Brittain, James, 2010:47

121 Brittain, James, 2010: 47

122 FARC-EP,2005: 39

marxist-leninistiske prinsippa...».¹²³ Med andre ord, FARC angreip og avviste perestrojka og dei sosialistiske rørsleane som la frå seg sin revolusjonære sosialisme og vidare stadfesta sin marxisme-leninisme «*Vi kallar på kjemparane*¹²⁴ *for å stadfeste seg i det sosialistiske idealet, i dei marxistisk-leninistiske prinsippa...»*¹²⁵. Med andre ord, FARC haldt på sin marxisme-leninisme rett før og under kollapsen til dei sosialistiske regima, noko som ikkje kan bli sagt om mange andre sosialistiske rørsle i same periode.

Mange geriljagrupper rundt om i heile kontinentet la frå seg våpna i denne perioden, korleis kunne FARC halde på ideologien sin og fortsette med den væpna kampen? Som Olvedo Ruiz, andrekommandant for den 36 Fronten, stadfesta i eit intervju gjort av meg «*FARC var ikkje påverka av «den verkelege sosialismen» sitt fall fordi vi alltid hadde ein distinkt ideologi som var meir basert på dei kolombianske kondisjonane.*»¹²⁶ Dette er også stadfesta av FARC frå offisielt hald: «*Validiteten for den væpna kampen blir ikkje determinert av kollapsen*¹²⁷ *eller Berlinmuren, men av realiteten i vårt land*». ¹²⁸

Det var ikkje bare den distinkte kolombianske marxisme-leninismen til FARC som tillet gruppa å kjempe vidare for revolusjonen. Interessant nokk, sjølv om FARC i denne perioden var Marxist-leninistiske hadde gruppa lite ambisjonar om å ta makta i landet via eit statskupp eller liknadane. Den italienske kommunisten Antonio Gramsci¹²⁹ la fram at det kapitalistiske samfunnet hadde to superstrukturar, ein sivil (privat) og ein politisk (offentleg) som kombinerast og produserer eit hegemonisk system av den herskande klassen. Dette hegemoniet opprettheld dominansen av ein eller fleire sosiale grupper og makta til desse gruppene blir realisert på to måtar: som dominasjon og intellektuell og moralsk leiarskap. Med andre ord, dei herskande klassene opprettheld sin dominans med makt og samtykke, desse to formene for å halde på dominansen må balanserast der utøvinga av makt ikkje må overgå samtykke for mykje. Om utøvinga av makt er for stor i over lengre tid blir hegemoniet skjør og i løpet av kort tid vill befolkninga innsjå at grunnlaget for den herskande klassa er

123FARC-EP,2005: 40

124Kjemparane for sosialismen generelt og spesielt geriljasoldatane I FARC

125FARC-EP,2005: 41

126Ruiz, Olmedo (intervju) 24.05.2018

127Av sosialistiske regimer

128FARC-EP,2005: 40

129Gramsci var sjølv leninist

kunn utøvinga av makt. I ein slik situasjon vill det vere mykje enklare å skape eit revolusjonært mot-hegemoni, det er nettopp dette som skjedde i Colombia gjennom 1900-talet. Det revolusjonære mot-hegemoniet som oppstod i Colombia blei skapa av FARC på landsbygda.¹³⁰ FARC har istaden for å planlegge eit statskupp eller vinne over den kolombianske hæren for å slik ta makta i landet nesten alltid fokusert på å konstruere lokal makt på landsbygda. Altså, FARC prøvde å konstruere ein alternativ maktbase og ein ny alternativ revolusjonær hegemonisk system i Colombia på landsbygda, for å slik ta makta.¹³¹

Dette prøvde ein å gjennomføre i den praktiske politikken i FARC- kontrollerte område som på 1980 og 1990-talet praktisk tala fungerte som ein separat stat i Colombia. FARC fortsette tradisjonen frå 1950-talet med utviklingsarbeid på landsbygda, men på 1970, 1980 og 1990-talet var dette arbeidet i mykje større dimensjonar. Gruppa, finansiert av skatteinntekter frå coca, lauspengar frå kidnappingar og progressiv skattlegging , starta å forbetre infrastrukturen på landsbygda, bygginga av skular for grunnleggande utdanning til bøndene, distribueringa av fruktbar jord til folket, kulturelle aktivitetar og vernelesen av lokalbefolkninga.¹³² Desse utviklingsprosjekta og styringa av «FARC-staten» gjekk føre seg på ein meir desentralisert og demokratisk måte der dei forskjellege FARC-frontane ofte sette opp høringar i landsbyar for å høre på kva lokalbefolkninga trengte.¹³³ Igjennom desse sosiale og kulturelle programma skaffa gruppa seg støtte blant lokalbefolkninga og viste til heile Colombia at eit alternativt økonomisk system var mogleg å konstruere. FARC prøvde å vise til kolombianarane at der den kolombianske staten svikta dei, kom FARC og faktisk forbetra liva til befolkninga på landsbygda.¹³⁴ FARC prøvde rett og slett å konstruere sosialismen på landsbygda i Colombia.

Eit punkt som vi ikkje har vore innom er kvifor kolombianske bønder tok opp våpen og blei med i FARC. Dette var noko som eg hadde planlagt skulle få mykje større plass i oppgåva, sidan det kunne sei noko om ideologien til den vanlege geriljasoldaten og ikkje bare leiarskapen og den offisielle sin ideologi som blir uttrykt i talar, artiklar og program. På grunn av at eg ikkje fekk organisert fleire intervju med ex-geriljasoldatar og dermed ikkje har eit godt kjeldegrunnlag vel eg å kortfatta nemne det

130Brittain, James, 2010: 154-155

131Brittain, James, 2010: 43 y 61 figura 3.1 og Ruiz, Olmedo(intervju) 25.05.2018

132Brittain, James, 2010: 156

133Brittain, James, 2010: 169

134Ruiz, Olmedo(intervju) 25.05.2018

Olmedo Ruiz fortalte meg. Ruiz sa at det var fleire grunnar til at bønder blei med i FARC, nokre var revolusjonære og ville hjelpe FARC i å gjennomføre revolusjonen. Andre såg ingen framtid på landsbygda grunna ekstrem fattigdom og i FARC fekk ein varm mat kvar dag, klede og ei grunnleggande utdanning. Somme såg kva FARC hadde gjort for landsbygda si og valte dermed å slutte seg til gruppa sidan dei såg at FARC faktisk brydde seg om dei fattige bøndene. Til slutt blei somme unge menn med i FARC fordi dei hadde lyst på eit «eventyr» og blei tiltrekte av det militære livet i gruppa.¹³⁵

3.3 Unión Patriótica (1984-1987)

Før vi går vidare til 1990-talet, er det viktig å sjå på Unión Patriótica (Patriotiske Union, eller UP). I 1982 blei presidenten Belisario Betancur valt og same år starta han den fyrste fredsprosessen med FARC (og EPL og M-19 i separate samtalar) og staten.¹³⁶ FARC blei fyrst kontakta tidleg i 1983 av representantar frå den nye regjeringa. Grunnen til at FARC gjekk inn i fredsprosessen no var at den nye presidenten brukte eit nytt og mindre konfronterande språk og han implementerte «Lov #35» i november 1982 som gav amnesti til geriljasoldatar og skulle sette fri geriljasoldatar som var i fengsel, men som ikkje hadde blitt straffa for sivile kriminalitetar.¹³⁷ I mai 1984 signerte partane endeleg ein bilateral våpenkvile med regjeringa «...geriljarørsla kontemplerte ikkje å gi frå seg menn eller våpen...»¹³⁸ samstundes skulle regjeringa implementerte via parlamentet ganske progressive økonomiske, sosiale og politiske reformer.¹³⁹ I desse reformene som regjeringa skulle implementere ser ein klart at presidenten var villig til å gi mykje for freden, mange av reformene som skulle implementerast er som tekne ut frå FARC sine program, sjølv om dei er relativt vage.¹⁴⁰ Eit eksempel er at om regjeringa gjekk med på avtalen, skulle ein «Gjere konstante forsøk på å auke utdanninga på alle nivå, i helsetenesta, i boli og i sysselsetting».¹⁴¹

Våpenkvila blei haldt og i 1985 blei Unión Patriótica stifta. UP blei stifta med FARC og

135Ruiz, Olmedo(intervju) 25.05.2018

136Hylton, Forrest: 106 og 108

137FARC-EP, 1999: 29

138FARC-EP, 1999: 29

139FARC-EP, 1999: 29-30

140FARC-EP, 1999: 120-122

141FARC-EP, 1999: 122 (punkt 8,d)

kommunistpartiet i spissen, men det nye partiet var ikkje eit eksklusivt kommunistparti.¹⁴² Strategien til FARC og PCC var å organisere ein sivil front som skulle konsolidere ei maktbase innanfor det formelle politiske systemet med eit håp om å tilslutt leggje ned våpna. Dessutan skulle UP utfordre hegemoniet til den Nasjonale Fronten mellom det liberale og konservative partiet som i praksis framleis eksisterte.¹⁴³ Som sagt, UP var ikkje eit eksklusivt kommunistparti, nesten alle slags progressive rørsler var representert i UP og dei fleste i partiet haldt ikkje til leninismen og kom heller ikkje frå FARC.¹⁴⁴ Med andre ord, UP var delt i to større ideologiske leira, ein leninistisk og ein leir som kan kallast sosialdemokratisk, men ikkje revolusjonært sosialistisk.¹⁴⁵ Ein ny generasjon på venstresida var lei av den gamle sekterismen og ville ha foreining i den kolombianske venstresida og ikkje gamal sekterisme.¹⁴⁶

Når FARC gjekk inn i den formelle lovlege politikken, haldt dei på sin ideologi og fekk iallefall lova at progressive reformer skulle gjennomførast. Å gå inn i ein mellombels allianse og kompromiss med det som kan bli kalla borgarlege fraksjonar, sidan sosialdemokratiet på 1980-talet ikkje hadde som mål å gjere slutt på kapitalismen og implementere sosialismen, bryt ingen leninistiske prinsipp. Tvert imot, Lenin skriv i «Kva må gjerast?» at «*Kun dei som ikkje er sikre på seg sjølve kan frykte å gå inn i kortvarige alliansar, sjølv med upålitelege folk; ikkje eit einaste politisk parti kan eksistere utan slike alliansar.*»¹⁴⁷ Seinare i 1917 skriv han «*Rolla til eit autentisk revolusjonært parti handlar ikkje om å deklarerere eit kvart kompromiss umogleg, men å halde seg trufast gjennom alle kompromiss- så lenge dei er uunngåelege- til sine prinsipp, klasse og revolusjonære oppdrag...*»¹⁴⁸

Med andre ord, det FARC og kommunistpartiet prøvde på, kan samanliknast med det Salvador Allende og «Unión Popular» i Chile prøvde på seint på 1960 og tidleg 1970-talet. Der samla forskjellige parti på venstresida seg, både revolusjonære og ikkje-revolusjonære, i håp om å gjennomføre sosialismen på ein fredeleg måte. Mykje på same måten som UP i Colombia. Resultatet til UP i Chile er velkjent og det kolombianske UP leid den same skjebnen. UP sin presidentkandidat i 1986 fekk betre resultat enn

142Leech, Gary: 27-28

143Brittain, James: 207

144Brittain, James: 207 og Hylton, Forrest: 109-110

145Leech, Gary: 31

146Hylton, Forrest: 110

147Lenin, Vlademir, 1902 (2018): Location 204

148Lenin, Vlademir, 1917 (2017): 51

nokon annan venstrekandidat i Colombia si historie, men vann ikkje presidentvalet, partiet hadde også relativt gode resultat i lokalval i landet der partiet appellerte både til bønder og delar av den urbane middelklassen/øvre middelklassen.¹⁴⁹ Håpet til UP om ein fredeleg vei til sosialisme eller til eit sosialdemokratisk hegemoni blei knust. Håpet blei ikkje bare knust ved at ei rekkje liberale økonomiske reformer blei innført, men også at partiet blei regelrett utsletta. Presidentkandidaten til UP Jaime Prado Leal blei drept, og etter 1986 blir det rekna med at omtrent 6000 medlemmar av UP saman med sympatisørar i fagforeiningar, studentar, professorar etc blei drept, eller «forsvann». «Politisk folkemord» *genocidio político* blir skjebnen til UP ofte kalla i Colombia.¹⁵⁰

Kvifor blei medlemmer og leiarar av UP, uansett kva leir dei tilhørte, drept? Forklaringa ligg i at ingen av dei dominerande klassane og hæren i Colombia var særleg entusiastiske for fredsavtalen.¹⁵¹ Hæren, med general Landazábal i spissen, hadde drevet ein relativt suksessfull militærkampanje mot dei forskjellige geriljærslene under den forrige presidenten, Julio César Turbay Ayala (1978-1982). Sjølv sagt, suksessen var bare relativ om ein samanliknar den med dei tidlegare kampanjane. Dessutan hadde antikommunismen sterke røter i militæret der mange soldatar og generalar hadde fått opplæring i USA og kamperfaring mot den raude trugselen i Koreakrigen. Landazábal var ein av desse, som dessutan hadde Erwing Rommel som sitt store militære idol. Landazábal følte at hæren endeleg var klar for det siste avgjerande slaget mot geriljagrubbene, sjølv om at dette sannsynlegvis var ein for optimistisk tanke. Landazábal var dessutan utnemnt som forsvarsminister under Betancur, men blei sparka etter at han prøvde å angripe leiarane i FARC imens dei var samla i Tolima for å nettopp diskutere fredsavtalen med regjeringa. Generalen hadde sirkla seg inn rundt landsbyen, utan løyve frå presidenten eller regjeringa, og venta på det perfekte augneblinken for å starte åtaket og slik utrydde leiarskapen i FARC, men geriljasoldatar frå FARC forstod noko var på gang. Dei fekk leiarskapen evakuert og klaga til presidenten, når presidenten var klar over kva som hadde skjedd, fekk Landazábal sparken.¹⁵²

Vidare følte dei to dominerande partia seg trua av eit parti som hadde ein relativt brei appell i landet,

149Brittain, James: 208 og Hylton, Forrest: 110

150Brittain, James: 210

151Hylton, Forrest: 107

152Dudley, Steven: 34

den Nasjonale Front sitt reelle hegemoni var potensielt truga. Attpåtil kom den sterke antikommunismen til å legitimere, direkte eller indirekte, åtak mot UP, som blei demonisert nettopp på grunn av FARC og PCC sitt nærvær (og det faktum at dei enda ikkje hadde lagt ned våpna).¹⁵³ Kort fortalt, dei dominerande politiske-økonomiske interessene aksepterte ikkje at ein kunne få eit nytt lovleg venstreparti som preika reell demokratisk representasjon for folket. UP var aldri nær med å få reell makt på 1980-talet, men bare ideen og nærværet om eit slikt parti for hæren, antikommunistar og den herskande klassa i landet var uholdbart. Ein skulle ikkje bare vinne den lovlege politiske kampen, men fjerne ideen om politikk som hadde ein nyanse med raudt i seg.

Kven stod bak denne politiske masekaren? Delvis ligg svaret hos general Landazábal. I 1981 starta generalen å inngå med samtaler med delar av middelklassen, lokale og internasjonale kapitalistar (blant anna Texas Petroleum, ein grein av Texaco) og lokale politikarar om å forme sjølvforsvarsgrupper i Magdalena Dalen, meir spesifikt, Puerto Boyocá. Desse sjølvforsvarsgruppene var konstituert av dei sivile innbyggjarane og dei var retta mot FARC, som var relativt sterke der. Mange av dei sivile hadde fått nokk av FARC sitt nærvær på grunn av kidnappingane i regionen (retta mot rike frå middelklassen, dei lokale kapitalistane og sabotasjar mot for eksempel oljeverksemda, den lokale FARC-fronten var kjent for å vere spesielt ivrig i å drive med kidnappingar og sitt strenge regime i området. Denne gruppa, som blei kalla «Død over kidnapparar» (MAS) blei blant anna finansiert av Medellín kartellet, lokale industrilistar og større landeigarar.¹⁵⁴ Landazábal meinte at ein måtte ta i bruk dei sivile innbyggjarane for å endeleg få sjå nederlaget til FARC, med andre ord, ein måtte vinne bøndene over til hæren, den ideologiske høgresa og staten. Dei som klarte å vinne bøndene, kom til å vinne krigen.¹⁵⁵ Dette var fødselen til dei infamøse paramilitære gruppene i Colombia (som stod langt ute til høgre ideologisk sett) og det var desse som kom til å stå for det meste av drapa mot UP, fagforeiningar, radikale studentar og nesten alt som stod til venstre for sentrum. Dei paramilitære gruppene brukte opent terrorisme, drap på sivile, valdtekt og brot på menneskerettar som strategiar for å overvinne den lokale befolkninga og slik fjerne grunnlaget til FARC. Om ein blei teken i å samarbeide med FARC, PCC, UP, fagforeiningar eller for å vere «raud», endte ein på likhuset moglegvis med familiemedlemmar, eller bare «forsvann». Før ein blei drepen blei ein ofte avhøyr i ein dag eller to, før

153Brittain, James: 210

154Brittain, James: 120

155Dudley, Steven: 34-35

dei tilslutt døydde av den brutale torturen som blei brukt for å skvise ut all relevant informasjon om FARC, PCC og UP. Dette blei kalla «sosial reinsing» og ein var ikkje trygg med å halde seg vekke frå politikk, om ein tilhørte LGBTQ-samfunnet blei man også «fjerna».¹⁵⁶ Personlege vendetta, over eit tynt slør med påstandar om sympati eller involveringar i FARC, PCC eller UP, blei også avgjort av paramilitære. På slutten av 1980-talet var desse paramilitære gruppene aktive i 32 regionar i Colombia.¹⁵⁷

Som med borgarkrigen som braut ut etter Gaitán sin død, tok FARC opp våpna,¹⁵⁸ ein hadde fått bekrefta det ein stadfesta i agrarprogrammet frå 1964 at den demokratiske og fredelege vegen var «...på valdeleg vis blokkert...» og «...vi måtte følgje ein annan veg: den væpna revolusjonære vegen for kampen om makt».¹⁵⁹ Det er viktig å forstå den politiske massakren mot UP i denne perioden for den stadfestar FARC sitt syn på den kolombianske staten og dei herskande klassene noko som igjen validerer FARC sin marxist-leninistiske ideologi.

156Dudley, Steven: 36
157Brittain, James: 123
158Brittain, James: 219
159FARC-EP, 1999: 116

4. Bolivarianismen og FARC



(Figur 5. Bilete av Simón Bolívar, henta frå nettstaden boltxe)¹⁶⁰

Kva er eigentleg bolivarianismen og kven var Simón Bolívar? Eg må fyrst nemne at sjølv om at der finnst mykje litteratur om Bolívar, finnst det ikkje så mykje om det nyare fenomenet bolivarianismen og det finnst ingen godtatt definisjon av kva bolivarianismen eigentleg er. Enkelte forfattarar som Brittain nemnar ikkje bolivarianismen i det heile, og dei som nemnar den går vanlegvis overflatisk over den. Samtalar med medstudentar og professorar i Colombia som er spesielt interesserte i kolombiansk historie og politikk har vore til stor nytte, men igjen fekk eg aldri ein god definisjon. Den einaste tilfredsstillande litteraturen eg har funne er av Michael Zeuske, men han fokuserer meir på den eldre bolivariansimen og President Chávez sin Bolívar. Eg går no ut på relativt udyrka jord og eg skal prøve å finne ein definisjon på kva bolivarianismen er for FARC. Min definisjon av bolivarianismen, iallefall den kolombianske versjonen av den er at ein ser på Bolívar som personifiseringa av antikolonialismen, kampen for eit uavhengig Latin-Amerika, for revolusjonen og muligvis med marxistiske auge, som personifiseringa av dei progressive kreftene i borgarskapet.

¹⁶⁰<https://boltxe.eus/2012/02/24/entrevista-a-jesus-santrich-sobre-bolivar/>

4.1 Simón Bolívar og tidleg bolivarianisme

For å forstå bolivarianismen er det viktig å forstå Simón Bolívar, kven var han egentleg? Bolívar blei født i det som idag er Venezuela i ein aristokratisk elitefamilie med spanske røter i 1783. Sidan både faren og moren til Bolívar døde tidleg, blei han tatt hand om av hans onkel, lærarane som onkelen skaffa til han, eldre familiemedlemmar og familien sine slavar. Dette resulterte i at dei fleste som oppdrog han etter hans mors død som døde når han var ni år gammal, var mykje eldre. Som Michael Zeuske påpeikar, hadde dette sannsynlegvis ein stor påverknad på Simóncito¹⁶¹. Han blei ofte fortalt historier av eldre familiemedlemmar og alle desse historiene hadde eit felles tema, «*gloria*», ære.¹⁶² Dette var noko som kom til å setje seg fast i personlegheita til Bolívar, «*Bolívar var besett av ønsket om ære; det var ein konstant tendens i personlegheita has...*»¹⁶³.

Ein av lærarane til Bolívar, Simón Rodríguez kom spesielt til å sette djupe spor i han, Rodríguez var ein beundrar av Jean- Jacques Rousseau og liberale idear frå 1700-talet. Bolívar blei seinare sendt til Europa for å avslutte utdanninga sin, noko som var relativt vanleg blant aristokratiet i Latin-Amerika, der han tok til seg meir av dei liberale tankane. Og det var i Europa han kom til å få tanken om eit uavhengig Latin-Amerika etter ein samtale med Alexander Von Humboldt i 1804. Etter å ha sett Napoleon krone seg sjølv i 1804, dypt påverka av kva ein man kunne utføre (men også med eit forakt for foræderiet mot den franske revolusjon), returnerte han til Venezuela året etter. Dette er iallefall den vanlege historia som blir fortalt om Bolívar sitt pre-revolusjonære liv. Zeuske i boka «*Simón Bolívar, History and Myth*», etter grundig sjekk av kjeldene som eksisterer, sett sterke tvil i denne ofte gjenfortalde historia om Bolívar. Det finnast generelt sett få kjelder å arbeide med, men av dei som finnast er der ingen direkte omtale av møtet med Humboldt, kroninga av Napoleon og den berømte talen i Roma.¹⁶⁴

Bolívar kom seinare til å leie frigjeringsrørsla i den nordlege delen av Sør-Amerika (det som idag er Venezuela, Colombia, Ecuador, Panama, Peru og Bolivia) i perioden 1811-1830 med aspirasjonar om å

161 Bolívar blei ofte kalla, «Simóncito» når han var eit barn. Det er svært vanleg i Latin-Amerika i leggje på «cito» på slutten av namna til barn eller kjære. Oversettinga blir noko som «lisje Simón».

162 Zeuske, Michael: 52

163 Zeuske, Michael: 52

164 Zeuske, Michael: 85-87

frigjere og foreine heile det latinamerikanske kontinentet.¹⁶⁵ Eg kjem ikkje til å gå inn i detaljane av frigjeringsrørsla, då dette ikkje er relevant for oppgåva.

Korleis har det seg at sjølv respektable historikarar gjenfortel historier om Bolívar som eigentleg har svært lite basis i kjeldene? Desse ofte gjenfortalde mytane om Bolívar stammar heilt frå Bolívar sine dagar, for sjølv mens Bolívar levde blei «kulten av Bolívar» født. Dette har Bolívar sjølv delvis sått for, når han hadde frigjort ein by gjorde han sin entré på ein spektakulær måte. Han fekk sin ærevogn dratt av jomfruer gjennom triumfbuer imens der var festivitatar i byen, i romersk stil.¹⁶⁶ Bolívar blei også under livstida hans i 1813 gitt tittelen «Frigjeraren av Venezuela» og deretter skulle alle kontor for ordførarane i Venezuela ha inskripsjonen «Bolívar, frigjeraren av Venezuela». Vidare blei han æra av oligarkiet i den nye staten «Gran Colombia» når han besøkte urbane strøk, blei dryssa ned av luksuriøse gåver og lovprisa av oligarkiet (som eigentleg ikkje var så interesserte i frigjering frå Spania, men frigjeringa av Gran Colombia var eit faktum og ein måtte sikre seg støtte frå den nye makta).¹⁶⁷ Samstundes blei det produsert fleire maleri og medaljar av frigjeraren Bolívar, slik fekk myta om Bolívar ein visuell basis.¹⁶⁸

Når Bolívar i sine to siste år og når han endeleg døyde i 1830 tok kulten av/om Bolívar brått slutt. Istaden for å bli lovprisa som «Frigjeraren» blei han heller sett ned på av eliten i det som ein gong var Gran Colombia. Etter 1840 derimot kom myten Bolívar endeleg til å ta av under president Paéz. Med den økonomiske krise i 1842 førte ein Bolívar tilbake i lyset og blei «...tatt heim igjen som ein ny «gud»»¹⁶⁹. Statuar og plazaer over heile Venezuela blei oppkalla etter Bolívar. Desse er ofte den sentrale plazaen i byen og har ein byste eller statue av Frigjeraren i midten, desse plazaane ber ofte namnet «Plaza de Bolívar» eller «Plaza del Libertador». Ein kan sjå framkomsten av ein *konservativ* myte om Bolívar, som minnst om ein sivil statleg religion i ein tid med ustabilitet.¹⁷⁰

På 1870-talet kan ein endeleg sjå at myten om Bolívar verkeleg startar å bli kanonisert. Mykje av

¹⁶⁵Massur, Straussman, Gherard: *Simón Bolívar* Encyclopædia Britannica <https://www.britannica.com/biography/Simon-Bolivar> (20 juli 2018), sett 15.10.2018

¹⁶⁶Zeuske, Michael: 67

¹⁶⁷Zeuske, Michael: 68

¹⁶⁸Zeuske, Michael: 68-69

¹⁶⁹Zeuske, Michael: 70

¹⁷⁰Zeuske, Michael: 70-71

materialet til Bolívar myten som blei konstruert på slutten av 1800-talet stammar frå den populære massen i Venezuela og Colombia. Spesielt ein populær myte står ut, den påstår at Bolívar eigentleg blei født av ei svart slavejente til Bolívar-familien, men at Simón blei adoptert av hans eigentlege mor. Dette forklarar kvifor mange maleri av Bolívar visar nesten ein «mulatto» versjon av Frigjeraren.¹⁷¹ Det viktigaste som skjedde på slutten av 1800-talet med myten til Bolívar var at den forandra seg i takt med den nye rolla til den moderniserande staten og den starta å bli publisert i bokform. Ein starta å publisere talane hans, brev, lovforslag etc med forteljingar av for eksempel José Antonio Paéz, som var konservativ president i tre periodar og kjempa med Bolívar og andre som kjente Bolívar personleg.¹⁷² Det er desse «kjeldene», som eigentleg er myter, som ofte blir gjenfortalde av historikarar. Eit nytt prosjekt for å kanonisere Bolívar-myten i bokform tok fatt i 1938, som kom til å vare til slutten av hundreåret, og igjen blei Bolívar brukt som ein stabiliserande «statleg religion». Fyrst i fyrste halvdel av hundreåret som ein konsekvens av aukande økonomiske forskjellar i landet forårsaka av den store oljeeksporten, som for det meste gjekk til oligarkiet, og av auka immigrasjon.¹⁷³ Igjen, etter 1971 blei myten om Bolívar brukt som ein stabiliserande kraft i Venezuela, men denne gangen etter ustabilitet frå geriljagrupper og studentopprør i 1968. Myten om Bolívar blei også ekspandert kraftig i denne perioden og ifølgje Zeuske tok svært få venstreintellektuelle interesse i Bolívar fram til President Hugo Chávez som tok makta i 1999.¹⁷⁴ Det kan godt hende Zeuske referer spesifikt til Venezuela i dette tilfellet, men faktumet er, som vi skal sjå med FARC, var det iallefall i Colombia stor interesse for Bolívar blant venstresida på 1980 og 90-talet, altså før Chávez sin suksess tidleg på 2000-talet.

4.2 Bolívar og problem i venstresida

Vi har no sett kortfatta korleis den hovudsakleg konservative myten om Bolívar blei konstruert og brukt i Venezuela. Korleis kunne Bolívar, ein person som historisk sett har blitt brukt ideologisk av konservative¹⁷⁵ og delvis liberale i Colombia og Venezuela, ein aristokrat som det i utgangspunktet er vanskeleg å kople til sosialismen, bli ein leiande person og symbol for den marxistisk-leninistiske FARC?

171Zeuske, Michael: 72

172Zeuske, Michael: 73

173Zeuske, Michael: 76-77

174Zeuske, Michael: 80-81

175Bushnell, David: 65, 215

Eit av dei fyrste problema for venstreintellektuelle var artikkelen til Karl Marx «*Bolívar y Ponte*» i «*The New American Cyclopaedia*»i 1858 med ein artikkel om Bolívar. Det mest interessante å leggje merke til er at Marx sjølv ikkje var særleg begeistra av han, her er eit sitat frå eit brev til Freidrich Engels, 14 Februar 1858 der han gjenfortel kritikk mot artikkelen hans om Bolívar: «... *Når det kjem til den partiske stilen, er det sant at eg gjekk litt vekk frå tonen til ein encyklopedi. Å sjå denne feige, mest miserable og vondskapsfulle av kjeltringar*¹⁷⁶ *skildra som Napoleon I var altfor mykje. Bolívar er ein veritabel Soulouque*^{177, 178} I artikkelen siterar Marx Ducoudry Holstein, ein soldat under Bolívar som beskriv ikkje eit så veldig glorifiserande bilete av Frigjeraren:

“Simon Bolivar is 5 feet 4 inches in height, his visage is long, his cheeks hollow, his complexion livid brown: his eyes are of a middle size, and sunk deep in his head, which is covered thinly with hair. His mustaches give him a dark and wild aspect, particularly when he is in a passion. His whole body is thin and meagre. He has the appearance of a man 65 years old. In walking, his arms are in continual motion. He cannot walk long, but becomes soon fatigued. He likes his hammock, where he sits or lolls. He gives way to sudden gusts of resentment, and becomes in a moment a madman, throws himself into his hammock, and utters curses and imprecations upon all around him. He likes to indulge in sarcasms upon absent persons, reads only light French literature, is a bold rider, and passionately fond of waltzing. He is fond of hearing himself talk and giving toasts. In adversity, and destitute of aid from without, he is perfectly free from passion and violence of temper. He then becomes mild, patient, docile, and even submissive. In a great measure he conceals his faults under the politeness of a man educated in the so-called *beau monde*, possesses an almost Asiatic talent for dissimulation, and understands mankind better than the mass of his countrymen.”¹⁷⁹

Dei stega venstreintellektuelle måtte ta for å overta myten om Bolívar var å (I) kritisere Marx sin artikkel om Bolívar, og (II) delegitimere den sterkt konservative myten om Bolívar som eksisterte¹⁸⁰ og (III) legitimere ein Bolívar som venstresida kunne bruke. Kritikken mot Marx sin artikkel og den konservative myten blei gjennomført i Cuba, der venstresida også hadde tatt til seg José Martí¹⁸¹, og i Venezuela for å deretter spreie seg vidare til andre land i Latin-Amerika.¹⁸² Lat oss no sjå på korleis FARC legitimerte Bolívar.

176Ordet han bruker er «balckguards». Kjeltringar ser ut til å vere den mest korrekte oversettinga her.

177Ein tidlegare slave, og seinare president for Haiti.

178Marx, Karl, 1858 frå: <https://www.marxists.org/archive/marx/works/1858/01/bolivar.htm>,

179Marx, Karl, 1858 frå: <https://www.marxists.org/archive/marx/works/1858/01/bolivar.htm>, sitert av Karl Marx frå:

Histoire de Bolivar, par le Gén. Ducoudray Holstein; continuée jusqu'a sa mort par Alphonse Viollet (Paris, 1831)

180Zeuske, Michael: 82

181Martí var ein kubansk filosof, tenkjar, intellektuell, poet og var blant anna sentral i å forme ein latinamerikansk identitet

182Zeuske, Michael: 83

4.3 Bolivarianismen i FARC

Jacobo Arenas var den fyrste i FARC til å studere og prøve å inkorporere Bolívar sine idear inn i FARC sin ideologi, ifølgje sekretariatet i FARC.¹⁸³ Seinare, etter at Arenas døde i 1990, kom Pablo Catatumbo til å fortsette Arenas sitt arbeid og bli ein av dei leiande ideologane i FARC og spesielt i studiar om Bolívar.¹⁸⁴ Ein klar bolivarianar og ein sentral ideolog for FARC i nyare tid er Jesús Santrich. Eg skal hovudsakleg drøfte korleis desse tre brukar Bolívar og legitimera han, slik får vi sett på tre forskjellige tiår korleis bruken av Bolívar har forandra seg i FARC.

Når starta FARC å inkorporere sin versjon av myten om Bolívar? Det som er interessant er at i 1980 blei ein ideologisk pamflett publisert, som blei tidlegare diskutert, som eit resultat av den sjette konferansen i FARC i 1978. Interessant nokk for oppgåva, er der ingen referansar til Bolívar eller hans sine tankar i denne pamfletten.¹⁸⁵ Det er dermed logisk å slå fast at Bolivarianismen ikkje hadde tatt feste i FARC når pamfletten blei publisert.

Der finnast svært lite tilgjengelege kjeder av Arenas som direkte omtalar Bolívar i det heile. Santrich påpeikar i eit intervju at desse fyrste stega om å legitimere Bolívar for FARC starta fyrst og fremst med interne dokument i sekretariatet av Arenas og interne samtalar med Marulanda¹⁸⁶, noko som sannsynleg er tapt. Den einaste referansen til Bolívar av Arenas kjem i eit intervju med Carlos Arango. Z, publisert i 1984: «*I fjor feira man 200års jubileum for fødselen av Frigjeraren Simón Bolívar, kva meining har FARC om den hendinga?*» Arenas responderte med «*Vi ser på oss sjølve som dei legitime arvingane av den revolusjonære kampen og patriotismen til Bolívar*».¹⁸⁷ Med andre ord, ein kan konstatere med at i 1984 var ein allereie i ein prosess med å legitimere Bolívar i FARC, men Arenas utdjupar ikkje kvifor ein ser på seg sjølve som dei legitime arvingane av Bolívar han utdjupar heller ikkje noko meir svaret sitt. Dermed kan ein konkludere med at bolivarianismen blei fyrst forsiktig flørta med i perioden 1980-1984 og diskutert internt i organisasjonen hovudsakleg av Arenas og Marulanda.

183FARC-EP, 1999: 49

184Peña, Mario, A: 228

185FARC-EP, 1980 Cartilla Ideológica

186Santrich, Jesús, 21 februar, 2012 «*Entrevista a Jesús Santrich sobre Bolívar*» <https://resistencia-colombia.org/movimiento-fariano/farc-ep/articulos/783-comunicadores-de-nuestra-america>, sett: 7.1.2019

187Z, Arango, Carlos, 1984: 28

Kvifor starta ein eigentleg med å ta til seg Bolívar i denne perioden? Ein relativt klar grunn er at på grunn av dei konservative, men ikkje minst populære, mytane om Bolívar hadde og har alle i Colombia eit forhold til Bolívar. Det er praktisk tala umogleg å ikkje ha eit grunnleggjande forhold til Bolívar i Colombia, sidan utelege plazaer, vegar, kaffear, barar etc ber namnet has. Nettopp på grunn av desse mytane om Bolívar hadde også dei fleste kolombianarane eit positivt bilete av han, som den heroiske og framtidsretta frigjeraren som lausreiv store delar av det nordlege Sør-Amerika frå dei utnyttande og tyranniske spanske imperiet. Dette er nesten eit standardsvar av kolombianaren i gata på kvifor Colombia har såpass mykje fattigdom, spanjolane stal alt gullet og sølvet deira og Bolívar prøvde å rette dette opp. Å assosiere seg med Bolívar og hans kamp kan dermed vere svært fordelaktig. Dette er også noko som Jesús Santrich påpeika: «...der finnast ikkje ein landsmann i denne delen av Amerika¹⁸⁸ som ikkje har Bolívar i hjartet sitt...».¹⁸⁹

Ein starta også å forsiktig ta til seg Bolívar på denne tida på grunn av at ein såg andre geriljagrupper i Colombia som M-19 fekk mykje popularitet med folket og middelklassen i landet med bruken av Bolívar og patriotisk retorikk på midten av 1970-talet. Det var rett og slett ein retorikk som var enklare å akseptere for den vanlege arbeidaren i Colombia, i motsetning til marxisme-leninismen, den var meir relevant og resonerte meir hos befolkninga som kunne vere sympatiske til FARC, men var skeptisk til kommunismen.¹⁹⁰

Ein kan også sjå manifesteringa av bolivarianismen på den sjuande konferansen i 1982, der FARC blei til FARC-EP(Ejército Popular, folkehær) og starta å fungere meir som ein ordinær her som eit resultat av aukinga av nye medlemmar. På konferansen, blei denne nye militærstrategien til FARC-EP kalla «Campaña Bolivariana por la Nueva Colombia»(Bolivarianske kampanje for det nye Colombia).¹⁹¹ Dette blir også sett i talane til leiarskapen i FARC-EP, der leiarane starta å referere meir eksplisitt til figuren Bolívar og «Det nye fedrelandet.» I 1987 blei ein ny geriljarørsle etablert, «Coordinadora Guerrillera Simón Bolívar (CGSB)», som skulle samle alle geriljarørsler som kjempa for same sak og hadde bolivarianismen som sin ideologi, som for eksempel EPL og ELN. Målet var å koordinere

188Altså, dei områda som Bolívar frigjorde i nordlege Sør-Amerika.

189Santrich, Jesús, 21 februar, 2012 «Entrevista a Jesús Santrich sobre Bolívar» <https://resistencia-colombia.org/movimiento-fariano/farc-ep/articulos/783-comunicadores-de-nuestra-america>, sett: 7.1.2019

190Peña, Mario, A: 226-228

191FARC-EP,2005: 213

kampen for «Det nye Colombia».¹⁹² Det er forresten her viktig å merke at nasjonalisme og patriotisme i Latin-Amerika skil seg generelt sett frå nasjonalismen som typisk finnast i Europa. Nasjonalismen i Latin-Amerika kan både bli brukt av høgre og venstresida, der venstresida vanlegvis legg fokus på nasjonal suverenitet ovanfor imperialismen. I Europa blir nasjonalisme generelt sett ned på av venstresida på grunn av at den har tradisjonelt sett blitt brukt av høgresida i ein meir ekstremistisk form, med xenofobi og krig som følge.

4.4 Pablo Catatumbo og Bolívar

Catatumbo skriv i ein tekst kalla «*Politiske strategiar av Frigjeraren i frigjeringskrigane*» i 1997, der Frigjeraren sjølv sagt er Bolívar, at «*Utan tvil var Frigjeraren Simón Bolívar den største historiske figuren av vårt Amerika i det 19 hundreåret.*»¹⁹³ Korleis legitimera Catatumbo denne påstanden? Det er verdt å sitere det innleiande avsnittet:

«Personlegheita has var speglet som dekrypterar det episke frigjerande antikolonialismen og revolusjonære fortida våra. Den mest konsekvente og avanserte av frigjerande våra. Det var han, som for fyrste gang såg den strategiske viktigheita av eit samla Latin-Amerika for å sikre den sanne fridommen, og som skisserte konkrete prosjekt for å forandre samfunnet via alliansen av dei mest progressive frå det veksande borgarskapet med dei mest utnytta og beskjedne sektorar, for konstruksjonen av eit meir utvikla, likeverdig og rettferdig sosialt system. Bolívar har overlevd i minnet til dei suksessive generasjonane, ikkje bare som faren for eit foreint Latin-Amerika, men også som eit symbol for revolusjonen og for dei utnytta.»¹⁹⁴*

Dette avsnittet på lang veg gir ein god indikasjon på kva bolivarianismen er for FARC-EP. Når Catatumbo ser tilbake i tid på Bolívar, ser han den største personlegdommen i det 19 hundreåret, Catatumbo ser Bolívar som personifiseringa av antikolonialismen, kampen for eit uavhengig Latin-Amerika, for revolusjonen og muligvis i med marxistiske auge, som personifiseringa av dei progressive kreftene i borgarskapet. Med andre ord, i det oversette avsnittet er det eit sterkt fokus på Bolívar som

192FARC-EP,2005: 213 og FARC-EP, 1999: 62-64

193Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «*Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación*»
<http://www.rebellion.org/noticia.php?id=199353>

* Altså, fridommen for kontinentet

194Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «*Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación*»

person, kva han gjorde og kva han stod for. Måten ein brukar Bolívar som person minnar meg om det kristne konseptet om «dydige heidningar», der heidningar som ikkje kunne ha hørt om Jesus Kristus, men som likevel levde dydige liv, kunne likevel bli frelst, som for eksempel Sokrates, Platon, Aristoteles, Cicero etc. Det ser på mange måtar ut at Bolívar var ein «dydig borgar» altså eit dydig medlem av borgarskapet/det gamle aristokratiet. Det er mogleg han hadde kjennskap til sosialistiske idear, sidan han studerte i Europa tidleg på 1800-talet, men det er sjølv sagt svært usannsynleg at han kjente til Marx sine tidlege verk. Jesús Santrich derimot, som vi straks skal sjå nærmare på, meiner at Bolívar sannsynlegvis blei introdusert til sosialistiske tankar via læraren hans, Simón Rodríguez «*Simón Rodríguez hadde moglegheita til å sjå på nær hand det revolusjonære miljøet i Paris på slutten av 1700-talet og starten av 1800-talet...*» og via dette miljøet «måtte» han ha kome i kontakt med sosialistiske tankar på grunn av hans nysgjerrige natur påpeikar Santrich «*...noko som innhaldet i tankane hans også bekreftar*». ¹⁹⁵ Santrich kan ha rett, men der er ingenting som bekreftar eller avkreftar dette utanom denne spekulasjonen til Santrich.

Lat oss sjå litt nærmare på kva Catatumbo skriv om Bolívar. Han skriv vidare at: «*Den store bolivarianske hensikten var transformasjonen av den antikoniale kampen for fridommen til eit revolusjonært regime som skulle ta føre seg grunnleggande demokratiske forandringar, via forbetringa av dei materielle og sosiale situasjonen til dei utnytta.*» ¹⁹⁶ Dette er fyrste gangen han brukar ordet «bolivarianske» i artikkelen sin, noko som er interessant. Altså ein førestillar seg, legitimt eller ikkje, at Bolívar hadde ein koherent tanke og prosjekt for Latin-Amerika. Eit prosjekt som er grunnleggande demokratisk og revolusjonært. Revolusjonært i den meininga at ein frigjer seg sjølv og landet, at ein skulle foreine Latin-Amerika og at ein skulle gi støtte til det utnytta folket. Noko som utan tvil vill ringje godt i øyrene til ein moderne sosialist.

Vidare i artikkelen, i kapittel 1, beskriv Catatumbo korleis den koloniale befolkninga vart utnytta av spanjolane og det sosiale systemet, som han beskriv som føydalt med element av slaveri, i det koloniale Latin-Amerika. Vidare snakkar han om kjeldene til kampen(mot det koloniale styret). ¹⁹⁷ Her kjem også eit sentralt konsept i bolivariansimen: «*... Bolívar var den fyrste til å forstå nødvendigheita*

¹⁹⁵Santrich, Jesús, 2018: 41

¹⁹⁶Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «*Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación*»

¹⁹⁷Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «*Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación*»

av å inkorporere den store massen av folket til kampen for dei revolusjonære transformasjonane. Han var overtydd om at utan den populære støtta for frigjeringskampane, ville revolusjonen på nytt feile.»¹⁹⁸

Det er nettopp det FARC har prøvd å få til, gjennom for det meste støtte frå den rurale befolkninga i landet som historisk sett har stått for majoriteten av befolkninga fram til 1970-talet. Med andre ord, ein har funne parallellar mellom politiske/militære strategiar med Bolívar og deira eigen rørsle. Noko som kan delvis forklare kvifor Olvedo Ruiz hevda at: «*FARC har alltid vore bolivariansk*».¹⁹⁹

Vidare trekkjer Catatumbo fram «dydige» aspekt ved politikken til Bolívar, der han spesielt legg vekt på ønsket om å frigjere slavane, noko som Catatumbo ser på som pragmatisk klokt og «dydig», og ønsket om å gi meir jord til bøndene i landet. Dette var sjølvsagt pragmatisk sidan Bolívar ville ha støtte frå den store massen i landa og det faktum at mange av soldatane has var ein del av desse to gruppene.²⁰⁰ Catatumbo skriv: «*Det er dette som er meininga i den politiske og militære strategien til bolivarianismen. Det er her ropa has om likskap og å avskaffe slaveriet kjem frå, som ein kondisjon for å gjennomføre sitt revolusjonære prosjekt.*»²⁰¹ Denne framstillinga av Bolívar sitt prosjekt passar ganske bra til FARC-EP sitt, sjølv om han var revolusjonær i ein borgarleg tyding og at likskapen som han vill kjempe for er ein borgarleg likskap, men retorikken er lik.

Vidare forklarar Catatumbo det politiske prosjektet til Bolívar, der han legg vekt på ønsket til Bolívar om å modernisere staten og kvitte seg med gamle føydale rettar. Her forklarar han også korleis, via motstanden i kongressen i det nye Colombia under Bolívar, prosjektet has ikkje blei fullt ut gjennomført. «*Slik kan vi sei at den store frigjerande kampen til vår Frigjerar Simón Bolívar, resulterte i, fyrst ein ufullstendig revolusjon, og vidare ein revolusjon som vart forrådt(...).*»²⁰² Seinare skriv Catatumbo noko svært interessant: «*På grunn av dette bør vår framgangsmåte vere å vise at dagens stat ikkje legitimt representantar vår historiske kontinuitet, den korrespondera heller ikkje til designet til dei som drømte, kjempa og døde for å gi oss Fedreland og Republikkar.*»²⁰³ Altså, Catatumbo brukar Bolívar for å legitimere FARC sin væpna kamp, noko som han også eksplisitt sei: «*Det er desse grunnane, som forklarar at det væpna opprøret vårt er inspirert av dei mest intime patriotiske*

198Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «*Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación*»

199Ruiz, Olvedo intervju gjennomført av meg den 25.05.2018

200Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «*Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación*»

201Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «*Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación*»

202Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «*Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación*»

203Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «*Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación*»

tradisjonane til folket vårt og kvifor vi trur at det er vår plikt å stoppe at Colombia fortsett å vere byttet med straffefriheit til piratar, som er i henda til ein dominerande klasse med røvarar...»²⁰⁴ Han avsluttar artikkelen sin med eit ei frase som eg trur forklarar oss på lang veg kvifor FARC tok opp bolivarianismen, han skriv FARC-EP er bolivarianarar for at: «Folket vårt kan føle at vår sak er også deira sak.»²⁰⁵

4.5 Jesús Santrich og Bolívar

Santrich er den nye talsmannen for bolivarianismen i FARC sidan starten på 2000-talet og ser ut til å ha gjort eit forsøk på å takle eit av dei sentrale problema med Bolívar for FARC. Han prøver eksplisitt å kombinere marxismen med bolivarianismen.

Kjelda som eg bruker frå Santrich som direkte tek føre seg dette problemet, er eit intervju publisert i Boltxe, ein baskisk kommunistisk nettside. Santrich innrømmer at der er fleire motsetningar mellom bolivarianismen og marxismen, den største er sjølvsgatt at dei kjem frå forskjellige historiske epokar, men han legg heller vekt på det dei har til felles på tross av dette. Det er openbart at dei stammar frå forskjellige periodar, men bolivarianismen til FARC, som vi har sett, er fyrst konstruert på 1980 til 90-talet. Han peikar vidare på at i FARC har ein ikkje lagt vekt på dei forskjellige motsetningane mellom dei to ideologiane, som for eksempel spørsmålet om Gud finnast eller ei, dette er ikkje relevant ifølgje Santrich. Eit av hovudpunkta til Santrich for kvifor det er fruktsamt å inkorporere bolivarianismen er at dei begge har «...eit par spesifikke mål som erobringa av fred, sosial rettferd, likskap, fridommen til folket...».²⁰⁶ Eit anna sentralt punkt for Santrich handlar om det historiske synet til Bolívar og marxismen. Han sei «...han trur ikkje på determinismen til naturen, heller ikkje på geografiske determinisme, heller ikkje på den mektige «Guds hand». For han er der påverkingar frå element som bevissteita, materialet, men i konstruksjonen av samfunnet er mennesket tilstades og framfor alt er folket som bestemmer kursen til historia.»²⁰⁷ Her, sei han, er ein likskap med marxisme-leninismen, folket påverkar korleis historia utespelar seg, men innanfor prosessane til produksjonen «...i Bolívar finn ein eigentleg det same».²⁰⁸ Eit anna punkt som dei to ideologiane har til felles, ifølgje Santrich, er

204Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación»

205Catatumbo, Pablo, 1997(2015): «Estrategia política del Libertador en las guerras de liberación»

206Santrich, Jesús, 2012 <https://boltxe.eus/2012/02/24/entrevista-a-jesus-santrich-sobre-bolivar/>

207Santrich, Jesús, 2012

208Santrich, Jesús, 2012

ideen at om ein skal verkeleg byggje eit nytt, fritt, uavhengig og rettferdig samfunn må ein demontere den eksisterande staten for å kunne gjennomføre dette.

Bolivarianismen til FARC kan bli sett på som eit forsøk til å gå vekk ifrå ein «ekstern» ideologi, altså marxismen, eit punkt som mange kritikarar og antikommunistar har påstått. Med andre ord, at grupper som FARC og PCC ikkje er genuint kolombianske, men «sovjetiske», grupper som er kunstig konstruert for å gjennomføre politikken til Sovjetunionen.²⁰⁹ Han motbeviser dette og sei at «*I FARC tenkjer vi at kvart uttrykk av ein tanke, kor enn den kjem fram, om den er til nytte for menneskeheita så har den ikkje nasjonalitet, den har ikkje eigar den er arven til menneskeheita, dette skjer med marxismen og med bolivarianismen*».²¹⁰

Bolivarianismen er eit forsøk på å nettopp søkje legitimitet i folket, som Catatumbo klart uttrykka, med å inkorporere ein ideologi som høyrar til kontinentet, komplimentere den «eksterne» marxismen, for ein kan ikkje kome vekk frå at den er europeisk sjølv om den er internasjonalistisk, det er eit forsøk på stake ut ein eigen veg etter den faktiske fridommen frå PCC og «kolombianisere» marxismen. Santrich har eit punkt i at desse ideologiane har ikkje nasjonalitet, men det er vanskeleg å førestille seg at bolivarianismen kan vere relevant utanfor Latin-Amerika. Bolívar blir ein slags latinamerikansk Lenin, eller Che Guevara²¹¹ han som faktisk gjennomførte revolusjonen og ikkje bare snakka om den. Santrich sei dette eksplisitt «*Bolívar er ikkje ein bevisst teoretikar...det er ein mann som teoriserar med utføringa av praksisen*».²¹² Eric Hobsbawm gir i introduksjonen til «The Invention of Tradition» verktøy som kan hjelpe med å forstå kva det er FARC har gjort med Bolívar sine idear. FARC har som vi har sett prøvd å skape ein tilknytning til ein passende fortid²¹³ i eit forsøk på å auke populariteten sin.

209Daza, Duque Javier: 127

210Santrich, Jesús, 2012

211Ruiz, Olvedo intervju gjennomført av meg den 25.05.2018

212Santrich, Jesús, 2012

213Hobsbawm, Eric, 1982: 1

5 .Den nyare ideologiske utviklinga til FARC og Fuerza Alternativa del Común (FARC), fred og demokrati



(Logoen til det nye partiet «FARC»)²¹⁴

Korleis har FARC ideologisk sett utvikla seg på 2000-talet? Fyrst og fremst, ein kan klart sjå at plassen til bolivarianismen blei større og at den patriotiske retorikken auka på 2000-talet. Dette er mogleg å sjå i offisielle talar og brev frå FARC, dei vanlegvis endar med ein frase som dette(eg har valt å ikkje oversette dette sidan dei fleste kjem til å forstå frasen): «*Vivan los marquetalianos²¹⁵, viva nuestro Comandante Jacobo Arenas²¹⁶, vivan las FARC-EP, viva el Marxismo-Leninismo y el pensamiento²¹⁷ bolivariano*». (mi understreking)²¹⁸. Legg merke til at ein fortsatt hyllar marxisme-leninismen.

Bolivarianismen fekk større plass utover 2000-talet, ein ser også i tidsskriftet til FARC «Resistencia» at det blir publisert meir og meir artiklar og kommentarar om Bolívar, men også artiklar og talar av Bolívar sjølv, desse blei lest av vanlege geriljasoldatar i FARC noko som forsterka viktigheita av ideane has i gruppa.²¹⁹

Det er også viktig å leggje merke til at avstanden mellom kommunistpartiet og FARC blei større på 1990-talet, av grunnar som er nemnt tidlegare og i 2000 grunnla FARC sitt eige kommunistparti:

Partido Comunista Clandestino Colombiano(Det Hemmelege Kolombianske Kommunistpartiet),

PC3.²²⁰ Kva var PC3? Det var eit hemmeleg politisk parti som var offisielt grunnlagt av FARC i 2000,

²¹⁴https://instawidget.net/v/user/farc_la_fuerza_del_comun

²¹⁵Her blir det referert til røtene til FARC, altså dei som kjempa i landsbyen Marquetalia.

²¹⁶Leve vår kommandant Jacobo Arenas(som døde i 1990)

²¹⁷pensamiento=tanken/ideen

²¹⁸FARC-EP, 2005: 103 38 años de FARC (2003)

²¹⁹ For eksempel: FARC-EP, 2007 Cronología de la Resistencia: FARC-EP. Una Historia de Lucha, Nuñez, lucio, 2007 El pensamiento Político del Libertador, Sandino, Agosto, 2007 Plan de realización del supremo sueño de Bolívar. For meir sjå: <http://resistencia-colombia.org/cultura/biblioteca>

²²⁰Peña, Mario, A: 176

men som hadde eksistert de facto eit par år før den offisielle grunnlegginga. Det var eit politisk parti, men det var aldri meint å delta i nokre borgarlege val og partiet var heller ikkje opent for kven som helst. PC3 var meint å vere den politiske vingen til FARC og spreie dei politiske ideane til FARC på landsbygda og i byane. Som namnet tilsei opererte dei skjult, spesielt i delar av landet som ikkje var under direkte kontroll av FARC. Ideologien til PC3 var den same som FARC, dei var marxist-leninistiske, anti-imperialistiske og bolivarianske.²²¹

FARC la endeleg ned våpna etter ein ny fredsavtale med den kolombianske regjeringa i 2016 og starta dermed prosessen til å bli eit lovleg demokratisk parti. I fredsforhandlingane med den kolombianske regjeringa, har FARC alltid fokusert på å iallefall delvis få realisert visse delar av programmet sitt for å kunne bli med på ein fredsavtale. Det som ein har prøvd å fått gjennomført som ein del av fredsavtalen er for eksempel ein omfattande jordbruksreform, ikkje nedbetale utanlandsgjelda til Colombia, meir pengar til sosiale formål i landet, nasjonaliseringa av viktige industrier i landet etc.²²²

Korleis har ideologien til FARC forandre seg dei siste åra etter freden? Det fyrste å leggje merke til er at dei naturlegvis forandra namnet sitt frå «Fuerzas Armadas Revolucionarias de Colombia» til «Fuerza Alternativa del Común», noko som kan oversettast til «Alternative krafta/styrka av fellesskapet». Det er vanskeleg å kome med ein eksakt oversetting til norsk sidan det spanske ordet «fuerza» kan bety kraft, makt, styrke og påverknad. Den mest naturlege oversettinga i denne konteksten er kraft eller styrke. Når dette er sagt verkar det som om at partiet nettopp bruker ordet «fuerza» på grunn av dei mange meiningane som ordet har, spesielt meiningane kraft og styrke. Det er også verdt å leggje merke til at forkortinga av namnet til partiet blir det same som før, nemleg FARC.

I august 2017 vedtok partiet sitt nye prinsippprogram. I innleiinga til det nye programmet skriv FARC *«Partiet tek med seg dei teori-politiske prinsippa og arbeidet som stammar frå den kritiske og frihetlige tanken, og dei nyare tankane som har utvikla seg innanfor denne i verda og på vårt amerikanske kontinent, dei som er formulert av FARC-EP sidan funderinga i 1964, spesielt av Manuel Marulanda Vélez og Jacobo Arenas for å overvinne den kapitalistiske sosiale ordenen som eksisterer i*

221Peña, Mario, A:238

222 Jiménez, Timoleón, intervju med Sitio Contexto latinoamericano de la editorial de Ocean Sur, 29 Oktober 2012, Havana, fredsdelegasjonen FARC-EP, 2013: 8

*Colombia...»*²²³ Altså, partiet slår fast tidleg at dei ikkje kjem til å leggje vekk den gamle ideologien sin, men ta med seg dei ideologiske og politiske tankane som Marulanda og Arenas utforma i FARC, med andre ord, marxisme-leninismen og bolivarianismen. Dette kan også klart bli sett i propaganda som partiet brukar, for eksempel på deira offisielle Instragram-konto.

Vidare i innleiinga gir partiet visjonen for kva slags samfunn dei vill konstruere, partiet skriv at dei vill «...fremme og støtte ein historisk prosess som tillet konstrueringa av eit alternativt samfunn der sosial rettferd vill råde, eit genuint og avansert demokrati, overkomninga av all ekskludering, diskriminering og segregasjon basert på økonomiske og sosiale grunnar, etnisitet eller kjønn, garantien til liv og ein verdig eksistens, anerkjenninga av det gode liv til individet og samfunnet, konstrueringa av ein ny politisk økonomi som garanterer den materielle realiseringa av menneskerettane, ikkje-destruktive relasjonar til naturen, ein ny etikk og sosiale relasjonar av kooperasjon, brorskap og solidaritet.»²²⁴ Sjølv om at ein ikkje spesifikt nemner at ein vill konstruere eit sosialistisk eller kommunistisk samfunn, er det klart at skildringa av det samfunnet ein vill konstruere er eit sosialistisk eit. Fyrst og fremst fordi partiet tidlegare i avsnittet bekreftar at dei skal halde på dei gamle tankane og overvinne det kapitalistiske samfunnet og for det andre av skildringa til det nye samfunnet.

Det er ein totalt ny situasjon FARC finner seg i no, dei gamle geriljasoldatane er no ein del av dei borgarlege institusjonane som dei ein gong prøvde å fjerne. Kva sei det politiske partiet FARC no om staten dei er ein del av? I prinsippprogrammet skriv dei: «*Kampen som vi kjemper for å auke vår makt innanfor staten, få tilgang til ein større representasjon*²²⁵ og regjere på dei forskjellige nivåa, ser vi ikkje på som ende i seg sjølv, men som ein del av ein større prosess til meir grunnleggande forandringar.»²²⁶ Altså, FARC har ikkje blitt eit politisk parti for å kontrollere staten og sitte i regjeringa sidan staten forsikrar «...reproduksjonen av relasjonane for utnytting og dominans.»²²⁷ Partiet skal heller bruke staten og demokratiet for å forandre samfunnet på ein meir grunnleggande måte, men kva er det partiet langsiktig kjempar for? Dei skriv vidare «...Vi sei oss ikkje fornøgde med å

223Fuerza Alternativa del Común: 1

224Fuerza Alternativa del Común: 1

225I kongressen og senatet

226Fuerza Alternativa del Común: 3

227Fuerza Alternativa del Común: 4

angripe lastene og feila til staten: byråkratismen, klientellismen, korrupsjonen og ineffektiviteten. Vi ser at dette er noko som må taklast, men demokratiseringa må ikkje stoppe der, den må tilslutt overkomme den²²⁸ og bringe fram nye institusjonar som representantar eit reelt brot med staten.»²²⁹

FARC vill altså bryte ned staten og erstatte den med nye institusjonar som reelt skil seg frå dagens stat. Dette reflekterer igjen ønsket om å arbeide mot sosialismen, både Marx, Engels og Lenin var klare på at den borgarlege staten burde og skulle «visnast bort»²³⁰ Partiet er vage når dei beskriv korleis desse nye institusjonane skal sjå ut, men dei legg vekt på at dei kjempa for «...makt nedanfrå...».²³¹

Partiet legg også i programmet ekstra vekt på menneskerettane og at dei vill kjempe for at dei blir opprettheldt. Samstundes sei partiet seg ikkje fornøgd med å kjempe for menneskerettar på ein borgarleg måte, dei eksplisitt skriv at «Vi har skildra oppgåva som skal bidra til å konstruere ein ny sosial orden som garanterer validiteten og utføringa av menneskerettane... Vi forstår menneskerettane frå eit meir heilskapleg perspektiv, som ein historisk seier som vi må ta vare på og ekspandere, som er resultatet av ein lang sosial kamp, ikkje bare som ein gave frå det liberale demokratiet, menneskerettane må bli ekspandert for å sikre seg ein sann humanisering og frigjering...».²³² Visjonen til partiet er å konstruere ein ny sosial orden som vill forsikre og ekspandere menneskerettane, altså partiet er ikkje fornøgde med å kjempe for menneskerettane innanfor den noverande sosiale ordenen.

Vidare i programmet kan ein klart sjå at partiet har inkorporert delar av økososialismen, noko som er ein klart ny utvikling i ideologien til FARC. I seksjonen som omhandlar klima og miljø skriv partiet: «Prosjektet vårt er ein prosess for å konstruere kollektive relasjonar i harmoni med naturen, noko som inneber å konfrontere og overkomme kommersialiseringa av naturen.»²³³ Partiet går også til åtak mot den liberale utviklingsteorien «Vi støttar alle dei sosiale rørlene som kjempar for å overkomme «utviklingsmentaliteten»...»²³⁴ Det spesifikke ordet som dei bruker er «desarrollismo» som er vanskeleg å gi ein presis oversetting til norsk, men det dei meiner med ordet er den blinde trua på den

228Altså, staten I seg sjølv.

229Fuerza Alternativa del Común: 4

230Lenin, Vlademir, 1917 (1976): 27

231Fuerza Alternativa del Común: 4

232Fuerza Alternativa del Común: 5

233Fuerza Alternativa del Común: 5

234Fuerza Alternativa del Común: 5

kapitalistiske økonomiske utviklinga som fører med seg destruering av klima og miljøet. Vidare stadfestar dei dette «*Vi kjempar for tilrettelegginga av grenser på utvinningsøkonomiane*».²³⁵

Ein går nærmare inn på dette i neste punkt i programmet som omhandlar de-kommersialisering og appropriasjonen av dei viktigaste felles goda i samfunnet: «*Det er viktig å konfrontere de-kommersialiseringa av fleire områder av det sosiale livet, dei som har blitt appropriert av logikken til kapitalen, av private aktørar eller av offentlege aktørar i staten.*»²³⁶ FARC reflekterer med andre ord det som har blitt trenden på venstresida i den nyliberalistiske alderen, nemleg å sosialisere delar av det sosiale livet som har blitt kommersialisert. Det som dei spesifikt vill sosialisere, eller offentleggjere i Colombia er helsesystemet, utdanningssystemet, boli, trygda, offentlege tenester og formene for inntekt. Igjen spesifiserer FARC at dette er ikkje det endelege målet deira, men eit steg i retninga for å skape «*...eit alternativt samfunn til kapitalismen.*»²³⁷ Ein gong til blir det repetert at målet er å skape eit nytt alternativt samfunn som ikkje er kapitalistisk.

Det siste punktet i programmet er det som mest reflekterer den ideologiske kontinuasjonen i partiet, her skriv partiet om kva dei vill kjempe for i internasjonal politikk. Partiet proklamerer at dei vill «*Arbeide for den urealiserte draumen til frigjerarane våra, ideen om Det store Fedrelandet og foreininga av vårt Amerika, om frigjeringsarbeidet i kamp og sosiale mobiliseringar, om konstruksjonen av sosialismen som i Cuba og om alternative formar for regjering.*»²³⁸ Partiet vill altså fortsette å arbeide for den urealiserte draumen om å konstruere sosialismen og foreine det latinamerikanske kontinentet. I intervjuet mitt med Olvedo Ruiz snakka Ruiz mykje om det nye partiet og eksplisitt slo fast at FARC framleis var sosialistiske, men ikkje nokk med det, dei var framleis marxist-leninistiske og bolivarianske.²³⁹ Prinsippprogrammet reflekterer at dei framleis er sosialistiske og antikapitalistiske, men der finnast lite som tilseie at det framleis er leninistiske. Det nye partiet er eit revolusjonært sosialistisk parti, men eit moderne latinamerikansk sosialistisk parti med fokus på sosial rettferd, økososialisme, utvidinga av demokratiet og menneskerettane. Det er interessant å merke at orda «marxisme» og «kommunisme» blir ikkje nemna i programmet, og sosialisme blir kun nemna ein gong. Dette er eit

235Fuerza Alternativa del Común: 6

236Fuerza Alternativa del Común: 6

237Fuerza Alternativa del Común: 6

238Fuerza Alternativa del Común: 9-10

239Ruiz, Olvedo intervju gjennomført av meg den 25.05.2018

forsøk på å ta eit oppgjær med fortida og ta distanse frå udemokratiske regime. Idag kan også orda marxisme og kommunisme verke fråstøytande på sympatiske delar av befolkninga i landet og ein gjentek det som PCC gjorde på 1940-talet under Durán.

6. Konklusjon

Kva var den ideologiske utviklinga til FARC frå kommunistpartiet på 1920-talet og fram til idag? Som vi har sett så må ein studere PCC for å forstå ideologien til FARC og for å forstå PCC må ein sjå på det fyrste kommunistpartiet og PSR. Det fyrste kommunistiske partiet i Colombia og venstresida generelt på starten 1920-talet var prega av ein vulgærmarxisme og av den utopiske sosialismen. Det fyrste kommunistiske partiet totalt overvurderte den revolusjonære situasjonen i Colombia, blei avvist av Komintern og levde eit kort liv. PSR visar at kommunistane i Colombia modna ideologisk sett på midten av 1920-talet og gjekk vekk ifrå den utopiske sosialismen, men dei viste også tendensar til å igjen overvurdere den revolusjonære situasjonen i landet. Det viste seg at PSR mangla ei verkeleg kommunistisk kjerne i partiet og starta på slutten av 1920-talet å «bolsjevisere» partiet som tilslutt resulterte i det fyrste verkelege marxistiske partiet i Colombia i 1930, PCC. Det nye partiet var det fyrste partiet i Colombia som verkeleg var av proletariatet, med ein marxistisk base og som fekk ein nasjonal tilvære. Det som var spesielt med ideologien til PCC var at dei var marxistiske, men hadde eit sterkt fokus på dei fattige bøndene i landet, det var desse som stod i sentrum ilag med proletariatet i byane, men i praksis fokuserte PCC kreftene sine på å organisere bøndene. Ideologien til PCC var med andre ord ein marxisme-leninisme med sterkt fokus på dei fattige bøndene.

Dei gruppene som kom til å bli FARC på 1950-talet delte ideologien til PCC, men med eit eksklusivt fokus på dei fattige bøndene på landsbygda. Det er nettopp dette som karakteriserer FARC sin ideologi fram til 1980-talet, og var gruppa sin kolombianske versjon av marxismen, proletariatet var bytta ut med dei fattige bøndene. Vi såg også at FARC var delvis prega av ein vulgærmarxisme tidleg på 1980-talet. På 1980-talet starta FARC å separere seg sjølve frå PCC grunna økonomisk og militært veks noko som tillet dei å gå sin eigen veg, FARC var no fortroppen for revolusjonen i Colombia og den gjekk føre seg på landsbygda. Dette tillet FARC å distansere seg ideologisk frå PCC og inkorporere bolivarianismen i ideologien sin for å gjere seg meir relevante i ei tid der kommunismen kunne verke fråstøytande på personar som kunne vere sympatiske til FARC og i ein tid der andre geriljagrupper

brakte Bolivar og patriotisk retorikk som gav dei popularitet. Etter freden i 2016 og med opprettinga av eit lovleg politisk parti har FARC haldt på sin marxisme og revolusjonære sosialisme, men FARC har også blitt eit moderne latinamerikansk sosialistisk parti med eit fokus på å ekspandere demokratiet og menneskerettar, inkorporert delar økososialismen og lagt vekk delar av den gamle marxistiske retorikken frå det førre hundreåret som kan verke fråstøytande på sympatiske delar av befolkninga i Colombia.

Litteratur og kjelder

Litteratur

Arteta, Luis Eduardo Nieto, 1948 *El café en la sociedad Ccolombiana*. Libros colombianos, serie 2, economía.

Bergquist, Charles, 1988 *Los Trabajadores en La historia Latinoamericana. Estudios comparativos de Chile, Argentina, Venezuela y Colombia*. Siglo veintiuno, editores de Colombia

Brittain, James,J, 2010 *Revolutionary Social Change in Colombia, The Origin and Direction of the FARC-EP* Pluto press, New York

Bull, Benedicte. *Latinamerikanske Utfordringer*. 2. Utg. ed. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2015.

Bushnell, David, 1993 *The Making of Modern Colombia, A Nation In Spite of Itself*, University of Carlifornia Press, Barkley

Caro, Peralta Edgar, 2017 *Marx, marxistas y socialistas en Colombia 1919-1930* Universidad Nacional de Colombia Facultad de Ciencias Humanas Departamento de Historia Bogotá, Colombia henta frå: <http://bdigital.unal.edu.co/57273/1/1026262606.2017.pdf> Henta den 10.05.2019

Castro, Fidel Ruz, 2008 *La paz en Colombia* Editora Política, La Habana

Duque Daza, Javier. (2012). *Comunistas. El Partido Comunista Colombiano en el post Frente Nacional*. Estudios Políticos, 41, Instituto de Estudios Políticos, Universidad de Antioquia, pp.124-148.

Dudley, Steven, 2004 *Walking Ghosts. Murder and guerrilla politics in Colombia* Routledge, New York(kindle versjon)

Forrest Hylton, Timothy, 2017 *La horrible noche. El conflicto armado colombiano en perspectiva histórica*. Universidad Nacional de Colombia, Medellín

Gallup, John Luke et al. The World Bank, *Is geography destiny? Lessons from Latin America*, 2003 henta den 17.10.2017

frå: <https://openknowledge.worldbank.org/handle/10986/14454>

Hobsbawm, Eric, 1973 (1994) *Revolutionaries, Contemporary essays*. Phoenix paperback

Hobsbawm, Eric, 1983 *The invention of tradition*. Cambrigde University Press

Hobsbawm, Eric,2016 *Viva La Revolución. Eric Hobsawm on Latin America*. Little Brown (kindle versjon)

Lázar y Víctor Jeifets. 2001 *El partido comunista colombiano, desde su fundación y orientación hacia la «Transformación Bolchevique»*. Varios episodios de la historia de relaciones entre Moscú y el

comunismo colombiano. Anuario Colombiano de Historia Social y de la Cultura 28. 2001

Massur, Straussman, Gherard: *Simón Bolívar* Encyclopædia Britannica henta frå:

<https://www.britannica.com/biography/Simon-Bolivar> (20 juli 2018), henta den 15.10.2018

Medina, Medófilo, 1980. *Historia del Partido Comunista de Colombia, Tomo I, Bogotá: CEIS, Bogotá.*

Henta frå

https://web.archive.org/web/20071122125746/http://www.pacocol.org/es/Inicio/Historia_PCC/index.htm henta den 10. 05, 2019

Nordstrøm, Johan(26.09.2018)<https://e24.no/naeringsliv/kaffe/priskrasj-paa-kaffe-gjoer-at-colombianske-boenderdyrker-kokain-planten-isteden/24448808> henta den 1.10.2018

Peña, Mario A, 2014 *Guerrillera y Población civil, Trayectoria de las FARC 1949-2013* Tercera edición. Centro Nacional de Memoria Histórica

Luis Fernando Trejos og Roberto González Arana, *El Partido Comunista Colombiano y la combinación de todas las formas de lucha. Entre la simpatía internacional y las tensiones locales, 1961- 1981.* Revista www.izquierdas.cl, ISSN 01718-5049, número 17, diciembre 2013, pp. 64 - 80

Zeuske, Michael, 2011 *Simon Bolivar. History and Myth.* Markus Weiner Publishers Princeton

UNODC og Regjeringa i Colombia, 2018 *Colombia Monitoreo de territorios afectados por cultivos ilícitos 2017* Henta frå: [https://www.unodc.org/documents/crop-](https://www.unodc.org/documents/crop-monitoring/Colombia/Colombia_Monitoreo_territorios_afectados_cultivos_ilicitos_2017_Resumen.pdf)

[monitoring/Colombia/Colombia_Monitoreo_territorios_afectados_cultivos_ilicitos_2017_Resumen.pdf](https://www.unodc.org/documents/crop-monitoring/Colombia/Colombia_Monitoreo_territorios_afectados_cultivos_ilicitos_2017_Resumen.pdf)

Kjelder

Arango, Carlos, Z, 1984 *FARC: 20 Años- De Marquetalia a La Uribe*. FARC-EP. Henta frå:

<https://www.farc-ep.co/pdf/Cuadernos-de-campa%C3%B1a-Manuel-Marulanda-V%C3%A9lez.pdf> den 14.10.2017

Arenas, Jacobo, 1967 *Diario de la resistencia de Marquetalia*. FARC-EP. henta frå: https://www.farc-ep.co/pdf/Diario_Marquetalia.pdf den 14.10.2017

-1984, Cese el fuego. FARC-EP henta frå: <https://www.farc-ep.co/pdf/CESE%20EL%20FUEGO-Jacobo%20Arenas%201984.pdf> den: 15.10.2017

Browder, Earl, 1943 *Teheran- Histori's greatest turning point* henta frå

<https://www.marxists.org/archive/browder/teheran-turning-point.pdf> den 10. 05.2019

Den fyrste deklarasjonen av Havanna, 2 september 1960 henta frå: http://media.cubadebate.cu/wp-content/uploads/2017/09/primera_declaracion_habana_2-09-1960.pdf henta den 13. 05. 2019

Fuerza Alternativa del Común, 2017 *Plataforma ideologica del partido político Fuerza alternativa del común* henta frå: <https://www.partidofarc.com.co/sites/default/files/PLATAFORMA%20IDEOLOGICA%20DEL%20PARTIDO%20POLITICO%20FUERZA%20ALTERNATIVA%20REVOLUCIONARIA%20DEL%20COMUN%CC%81N%20%E2%80%93%20FARC.pdf> den 11.03.2019

FARC-EP, 1980 Cartilla Ideológica: <https://www.farc-ep.co/biblioteca/libros.html>, 25.05.2018

FARC-EP, 1999 Historical Outline International Commission, Canada

FARC-EP, 2005 Esbozo Histórico de las FARC-EP Comisión Internacional

FARC-EP, 2007 Cronología de la Resistencia: FARC-EP. Una Historia de Lucha, publicado 27 de noviembre 2007: <http://resistencia-colombia.org/movimiento-fariano/memoria-fariana/1723cronologia-de-la-resistencia-farc-ep-una-historia-de-lucha>

Jiménez, Timoleón, 2012 entrevista con Sitio Contexto latinoamericano de la edetorial de Ocean Sur, 29 de Octubre 2012, La Habana, Delegación de Paz FARC-EP, 2013 en Delegación de Paz de las FARC-EP, 2013 ¿Habrá paz en Colombia? Ocean Sur, México

Lenin, Vladimir. 1917(2017) Lenin: La Revolución es una fiesta Ediciones desde Abajo, Bogotá Lenin, Vladimir(ukjent år) , I A Letter to Pravda, Alliance Between the Workers and Exploited Peasants Henta frå <https://www.marxists.org/archive/lenin/works/1917/nov/18.htm> Henta den 10. 10.2018

Martí, José 1891(2007) *Nuestra América* Henta frå:

<http://resistenciacolombia.org/cultura/biblioteca/1684-nuestra-america> Henta den 05.04.2018

Marulanda, Vélez, Manuel, 1973 *Cuadernos de la Campaña*. FARC-EP henta frå: <https://www.farc-ep.co/pdf/Cuadernos-de-campa%C3%B1a-Manuel-Marulanda-V%C3%A9lez.pdf> Henta den

14.10.2017

Marx, Karl, 1864(1976) Stiftelsesadressen fra Den Internasjonale Arbeiderassosiasjon Verker i Utvalg 4 politiske skrifter Pax Forlag, Trondheim

Marx, Karl, 1858 *Bolivar y Ponte* henta frå

<https://www.marxists.org/archive/marx/works/1858/01/bolivar.htm>, Henta den 1.05.2019

Nuñez, Lucio, 2007 *El pensamiento Político del Libertador* Henta frå

<https://www.resistenciacolombia.org/cultura/biblioteca/1699-el-pensamiento-politico-del-libertador>

Henta den 10.05.2018

Ruiz, Olmedo, el segundo comandante del Frente 36 de las FARC-EP, intervju gjennomført den 24.05.2018

Sadino, Augusto, 2007 *Plan de realización del supremo sueño de Bolívar*. Henta frå:

<https://www.resistenciacolombia.org/cultura/biblioteca/1685-plan-de-realizacion-del-supremo-sueno-de-bolivar> Henta den 05. 04. 2018

Santrich, Jesús, 2012 *Entrevista a Jesús Santrich Sobre Bolívar* henta frå:

<https://boltxe.eus/2012/02/24/entrevista-a-jesus-santrich-sobre-bolivar/> og <https://resistencia-colombia.org/movimiento-fariano/farc-ep/articulos/783-comunicadores-de-nuestra-america>, den

15.01.2019

Santrich, Jesús, 2018 *Bolivarianismo y marxismo. Un compromiso con lo imposible. Editorial Espartaco*

Figurar

Anonym, Figur 4 *Bilete frå 1927, medlemmar av PSR poserer med «flagget av dei tre 8», 8-timars arbeidsdag, 8 timars studie og 8 timars kvile* Henta frå: [://www.asisucedio.co/la-masacre-de-las-bananeras/](http://www.asisucedio.co/la-masacre-de-las-bananeras/), Dominio público, <https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=71233796> Henta den 09.10.2019

Boltxe, Figur 5 *Bilete av Simón Bolívar* henta frå: <https://boltxe.eus/2012/02/24/entrevista-a-jesus-santrich-sobre-bolivar/> den 1.05.2019

Fuerza Alternativa del Común *Logoen til Partiet FARC* henta frå: https://instawidget.net/v/user/farc_la_fuerza_del_comun Henta den 13.05.2019

Wikipedia Commons

-Figur 1 *Kart over større byar i Colombia* Henta frå:

[https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Colombia_-_Location_Map_\(2013\)_-_COL_-_UNOCHA.svg](https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Colombia_-_Location_Map_(2013)_-_COL_-_UNOCHA.svg) Henta den 10.05.2019

-Figur 2 *Topografisk kart av Colombia* Henta frå:

https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Colombia_Topography.png Henta den 10.05.2019

-Figur 3 *Kart over Colombia etter regionar* Henta frå:

https://commons.wikimedia.org/wiki/Category:Maps_of_subdivisions_of_Colombia#/media/File:Colombia_Administrative_Divisions.jpg Henta den 14.05.2019